




ÅRSMELDING

NORSK KULTURRÅD

1999



INNHALD

INNLEIING	5
ET KULTURELT KORTBANENETT - AV JON BING	6
INNKJØPSORDNINGENE - AV OLE JACOB BULL	8
LITTERATUR OG TIDSSKRIFT	10
BILETKUNST OG KUNSTHANDVERK	12
MUSIKK	14
SCENEKUNST	16
KULTURVERN	18
ARKITEKTUR	20
KULTURBYGG	22
BARNE- OG UNGDOMSKULTUR	24
KULTUR, MEDIUM OG NY TEKNOLOGI	26
KULTUR GIR HELSE	28
MOSAIKK	30
ANDRE FORMÅL	33
UTGREIING	34
DELEGERTE FORVALTNINGSOPPGÅVER	36
FRÅSEGNER	38
KONFERANSAR	39
PRISAR	40
KONTAKT MED ANDRE ORGAN	41
ADMINISTRASJONSUTGIFTER	42
RÅD, UTVAL OG ADMINISTRASJON	43
DISPONERING AV FONDET	46
LISTE OVER INNKJØP OG LØYVINGAR	47
PUBLIKASJONER	65

REDAKSJON: CHRISTIAN LUND OG ANNE-LISE THOMASSEN

GRAFISK FORM: MÅNELYST AS

TRYKK: MERKUR-TRYKK AS

OPPLAG: 2 500

INNLEIING


Norsk kulturråd har som hovudoppgåve å stimulere det profesjonelle kunstlivet, styrkje kulturvernet og gjere kunst- og kulturverdiar tilgjengelege for så mange som mogleg. Kulturrådet forvaltar Norsk kulturfond, er eit rådgivande organ for staten i kulturspørsmål, og skal ta initiativ til nye kulturtiltak.

Norsk kulturfond er ein del av statskassa og skal brukast til kunst og kulturvern. Kulturrådet fordeler midlane i Kulturfondet dels på grunnlag av dei nær 3 000 søknadene som kjem inn kvart år, dels på område der rådet sjølv meiner det er behov for innsats.

Medlemmene av Kulturrådet er oppnemnde av regjeringa og Stortinget. Rådet består hovudsakleg av representantar for norsk kunst- og kulturliv og gir profesjonelle kunstnarar høve til å delta aktivt i kulturpolitikken. I perioden 1993–2000 er det professor Jon Bing som leier rådet.

Rådet arbeider med litteratur og tidsskrift, musikk, biletkunst og kunsthandverk, scenekunst, barne- og ungdomskultur, kulturvern, arkitektur og kulturbygg. Rådet har oppretta eigne tidsavgrrensa satsingsområde for kultur og helse (1996–1999), kunst og det fleirkulturelle samfunnet (1998–2000) og kultur, medium og ny teknologi (1998–2000). Kulturrådet prioriterer større eingongstiltak og forsøksprosjekt som fell utanfor ordinære stønadsordningar.

Kulturrådet held til i det gamle Militærhospitalet, ei freda trebygning på Grev Wedels plass i Kvadraturen midt i Oslo.



ET KULTURELT KORTBANENETT

6

Når kulturåret 1999 skal gjøres opp, vet vi i alle fall minst én sak som vil bli husket: Vedtaket om å bygge et nytt, nasjonalt operabygg i Bjørvika ved Oslo sentralbanestasjon. Realiseringen ligger ennå i fremtiden, den eneste aktiviteten nær tomten er arbeidet med et nytt hotell som lik et vardøger annonserer at det skal få navnet Hotell Opera.

Operabygget er allerede blitt et slags nasjonalt symbol, før vi vet hvordan det vil se ut. Mange tenker nok på bygningen som har gjort Sydney berømt. I 1957 ble planene til den da nokså ukjente danske arkitekten Jørn Utzon valgt blant 233 forslag, bygningen var gitt en uvanlig utforming med halvkulpler plassert side om side. I dag er det denne bygningen som gir Sydney en profil, og ingen besøkende unnlater i det minste å spasere ut til den der den ligger som en slags forstenet seilskute ved havnen.

Men nettopp dette er likevel et eksempel på et skandaleprosjekt. I 1957 ble det kostnadsberegnet til 7,20 millioner australske dollar. Arbeidet på fundamenteringen startet i 1959, og da bygget omsider sto ferdig i 1974, femten år senere, var regningen blitt på 102 millioner australske dollar: Ikke dobbelt så dyrt, ikke fem ganger så dyrt, men en overskridelse med en faktor på 14! Selv etter norske bitre erfaringer med overskridelser gjør dette inntrykk, og det har vært nok til å sikre prosjektet en plass blant verdens store planleggingsskandaler. Vi har all grunn til å tro at staten har trukket tilstrekkelig erfaringer fra prosjekter som har skåret seg i den nære fortid, til at det samme ikke vil skje i Bjørvika.

Men det er lenge siden 1974, og i dag har vi alle glemt overskridelsene. Operaen dominerer Sydney – og hvem vil være den foruten? Kanskje det også er en moral i denne historien. Noe om nasjonale monumenter med en symbolverdi som ikke kan måles i penger, og hvor selv påminnelsen om overskridelsene nærmest bare blir en pussig anekdote når man vet hva den hvite operabygningen ved innseilingen til Australias største by har betydd. Og ikke minst vil bety for landet og byen som skal være vertskap for sommerolympiaden i 2000. Fikk man én dollar for hvert fjernsynsbilde som i dette året vil bli vist av operabygningen, ville det nok tross alt vise seg å være en lønnsom investering.

Norsk kulturråd har i sitt arbeid i 1999 blant annet vært opptatt av kvaliteten på spillesteder for samtidens musikk, billed- og scenekunst. Det blir på en måte mer beskjedent enn operaen både i Sydney og Bjørvika, men ikke mindre viktig for Norge som kulturnasjon. Det er en nær sammenheng mellom den praktiske muligheten til å gi en egnet fysisk arena for fremføring av musikk eller forestillinger og visning av billedkunst, og den kvalitet som formidlingen av disse kunstuttrykkene kan gi. Oppmerksomheten har tradisjonelt kanskje vært i for stor grad rettet mot *produksjonen* av konserter, utstillinger eller scenekunst – og i mindre grad mot hvordan vellykkede produksjoner skal kunne nå ut til et så bredt publikum som mulig. Og da ikke bare et "bredt" publikum i betydningen *mange*, men også at publikum *mange steder*, over hele landet, skal kunne bli gjestet av disse produksjonene. Dette stiller krav til de *rom* som tilbys kunsten.

Norsk kulturråd satte søkelys på dette forholdet i seminaret "Rom for kunst" i september 1999, og har fulgt opp med et program med samme navn – et program som bygger på samarbeid mellom fagutvalgene for scenekunst, billedkunst og musikk og fagutvalget for kulturbygg. Formålet er å få i tale de som har ansvar for kulturhus og andre scener eller rom sammen med kommuner og fylkeskommuner, og gjennom en støtteordning tilby midler til oppgradering av fysiske og tekniske forhold, og til en heving av kompetansenivået når det gjelder driften.

Denne støtteordningen er beskjeden sammenlignet med det som kreves for de bygningene som skal romme store, nasjonale institusjoner som f.eks. Den Norske Opera. Men den er likevel viktig. Nettopp Operaen gir eksempel på synergi mellom en nasjonal institusjon og flerfoldige lokale og

Foto: Mimsy Møller



regionale initiativ. Opera er ikke et hovedstadsfenomen, det er nærmest en betegnelse på en livsstil hos entusiaster over hele landet. Denne blomstrende begeistring fortjener å bli pleid – ikke bare har den en stor egenverdi i likhet med alle andre kulturtiltak som har rot i lokalmiljøet selv, den gir også en innsikt i teater, musikk og billedkunst. Den skaper et engasjert og deltagende publikum for andre arrangementer, og den gir liv og innhold til mennesker og samfunn.

"Rom for kunst" kan sammenlignes med et nettverk av kortbaner for kulturell flytrafikk. En produksjon skal ikke løfte seg på vingene og så bli liggende å sirkle over landskapet uten andre landingsmuligheter enn flyplassene ved store byer. Tvert imot, skal de som kulturelle Twin Ottere kunne lande

hvor som helst. Og de skal dessuten kunne ta av fra en kortbane og besøke andre – tiden er forbi da man kan snakke om at bare et sentrum skal sende sine produksjoner ut på besøk i "distriktene" (som det litt vagt heter når man snakker om Norge utenfor de største byene). I dag produseres musikk, scenekunst og utstillinger mange steder, og vi må være opptatt av *nettverket*, mulighetene for å besøke og bli besøkt, til å samarbeide og utveksle kunst og kunstnere. I dette nettverket er rommene nettopp nodene, uten slike rom, vil også nettverket lett rakne.

"Rom for kunst" er også et eksempel på at Norsk kulturråd gjør forsøk på å arbeide frem sammenhengende strategier som involverer flere fagutvalg, hvor man ser

over kanten av de båsene som ulike kunstneriske uttrykk alt for lett blir plassert i, og forsøker å danne seg et bilde av hvordan hele den nasjonale driftsbygningen for kunst og kultur ser ut, og på grunnlag av en slik oversikt søker å forbedre trivselen og fjerne unødvendige hindringer.

Men dette er bare ett eksempel på hva Norsk kulturråd var opptatt av i 1999. Det var også et år da man arbeidet med å konsolidere innkjøpsordningene for norsk skjønnlitteratur, forberede markeringen av årtusenskiftet, iverksette forsøksordninger med ensemblestøtte for musikk og gjestespill for scenekunst, og å legge forholdene til rette for å integrere tiltak under det tidsbegrensede programmet for flerkulturelle uttrykk – MOSAIKK – i Kulturrådets mange fagutvalg når programmet om få år avvikles. Årsmeldingen gir et lite glimt av det mangfoldet av oppgaver og initiativ som Norsk kulturråd har hatt gleden av å arbeide med, og som har gjort dette året spennende, utfordrende og farverikt.

Jon Bing
Leiar

INNKJØPSORDNINGENE – EN BILLIG INVESTERING I DET NORSKE SPRÅK

8


Da stortingsproposisjonen om Norsk kulturfond og Norsk kulturråd passerte statsråd den 16. oktober 1964, var utviklingen innenfor "norsk originallitteratur" urovekkende. Antall utgivelser av ny norsk skjønnlitteratur hadde vært synkende de siste 25 år, eldre norsk litteratur i tidsmessig utstyr fantes knapt på markedet, og man fryktet den språklige innflytelsen utenfra. Tre fjerdedeler av proposisjonen omtaler den kritiske situasjonen for litteraturen, og det slås fast at Kulturfondet skal ha en særlig forpliktelse når det gjelder å støtte "positive tiltak som direkte kommer norsk litteratur til gode."

Ingen som i dag ytrer seg om innkjøpsordningene er uenige om at de har hatt stor betydning for forleggere, forfattere, bibliotek og lesere i vårt langstrakte land. Vi har vært vitne til en oppblomstring og en frodighet innenfor den norske samtidisdiktningen som neppe står tilbake for det vi har sett ellers i Europa. De innkjøpte bibliotekseksemplarene har bidratt til lønnsomhet for forleggerne, eksistensgrunnlag for forfatterne, vitalisering av bibliotekene, økt tilstrømning til bokhandelen, stofftilfang og annonseinntekter for avisene og større

litteraturinteresse og lesekompetanse blant publikum – i tillegg til en rekke økonomiske og andre ringvirkninger i nærings- og samfunnsliv.

Utgifter til kunst og kultur vurderes etter et annet desimalsystem enn andre typer utgifter i det norske samfunn. Det er banalt å påpeke dette, men det er ikke desto mindre sant. Når innkjøpsordningene nå vil bli gjennomgått innenfor rammen av en større utredning av hele bokmarkedet, kan det uansett utfallet være grunn til å understreke hvor billige disse ordningene faktisk har vært – fra de første 3,4 millioner ble bevilget i 1965 og fram til årets bevilgning på til sammen 55 millioner til begge ordninger. Disse pengene går ikke til subsidier, de er støtte til litterær grunnforskning og skapende virksomhet innenfor en rekke områder av samfunnet – også utenfor det strengt litterære – som genererer verdier i et samfunn som mer og mer bruker offentlige midler til reparasjon og resirkulasjon. Men først og fremst går pengene til en investering i språket, småpenger når vi tenker på hva som ellers prioriteres i samfunnet i dag.

Verden har forandret seg til det verre og til det bedre i de årene som har gått siden 1965. Situasjonen for litteraturen i Norge har også forandret seg, men følgende står likevel fast: Det norske språk er fortsatt i en utsatt stilling, og uansett hva man ellers måtte mene om markedskreftene, globaliseringen og Norges stilling i det internasjonale samfunn, er det neppe uenighet om at vi må ta vare på det. Men det er ikke gratis, og man skal lete lenge etter ordninger som er rimeligere i drift, mindre byråkratiske og kommer flere til gode enn innkjøpsordningene gjør.






Foto: Mimsy Møller

Det sier seg selv at offentlige ordninger fra tid til annet må underkastes kritisk vurdering. Uten dette vil det ikke være mulig å opprettholde legitimitet rundt ordningene. Man må spørre seg om de virker etter hensikten, eller om samfunnsutviklingen krever at de må reformeres eller kompletteres. Formelt bygger de på en overenskomst mellom forleggerne og det offentlige ved Kulturrådet. Reelt bygger de på en kulturpolitisk konsensus som også omfatter andre aktører. Denne konsensusen må stadig defineres i forhold til en virkelighet i forandring, og det er grunn til å tro at situasjonen på bokmarkedet både i Norge og internasjonalt har forandret seg mer på de siste tre år enn på de siste 30. Det er derfor på høy tid at rammebetingelsene for skrivning, utgivelse, distribusjon og salg av bøker legges under lupen med tanke på å videreutvikle en tidsmessig statlig litteraturpolitikk, der ett av målene må være å gi det norske språk muligheter til å hevde seg som redskap for fantasi og tanke og handling i et nytt årtusen.

Ole Jacob Bull
Direktør

LITTERATUR OG TIDSSKRIFT

10

Ein nyforhandla bransjeavtale tredde i kraft 1. april i fjor. Fastprissystemet på bøker vart ført vidare, og bokhandlarane har stadig einerett til sal av skolebøker. Men alle andre bokgrupper kan no seljast gjennom andre kanalar, til differensierte rabattar frå forlag til salsstad. Mange forlag har ikkje vore nøgde med den nye abonnementsordninga til bokhandlarane, der påmelde bøker til innkjøpsordningane skal utgjere hovudstamma i abonnementa. Bokhandlarane på si side har argumentert med at fleire bokhandlar no kan vise til eit større tilbod av ny norsk skjønnlitteratur enn tidlegare.

INNKJØPSORDNINGANE – EI ØKONOMISK UTFORDRING

Både i 1997 og 1998 såg Kulturrådet at eit underskot hadde bygd seg opp på innkjøpsordninga for vaksenbøker. Grunnane var fleire: Titteltalet og bokprisane hadde auka, og avsetjinga til ordninga hadde stått relativt stille i eit par år på grunn av eit tidlegare stort overskot. Kulturrådet vedtok i 1998 å gi ei avkorting i utbetalingane til forlaga, 15 % for vaksenbøkene, 10 % for barne- og ungdomsbøkene. Intensjonen var å avgrense påmeldingane noko.

Etter drøftingar mellom avtalepartane Kulturrådet, forleggjar- og forfattarorganisasjonane hausten 1998 kom det fram kor viktig det er å halde jamn kontakt om ordningane. I januar 1999 sette rådet difor ned ei arbeidsgruppe som skulle gå gjennom ordningane, for å få betre kontroll med økonomien, utviklinga i titteltal og andre viktige tilhøve. Ein delrapport vart lagd fram i mai, der det særleg vart lagt vekt på prisfastsetjing og fakturering av bøkene.

Hausten 1999 viste det seg at påmeldingane til innkjøpsordninga for vaksenbøker hadde stoppa noko opp, og at forlaga kunne få tilbakebetalt eit par prosentpoeng frå Kulturfondet. Men barne- og ungdomsbokordninga vart sprengd i 1999, trass i avkortinga. Aldri har fleire bøker vore påmelde til denne ordninga. Løysinga som forleggjarane la fram på eit drøftingsmøte, gjekk ut på å senke faktureringsprisane til Kulturfondet, for å ha rom for den mengda med

bøker som ordningane må omfatte. Honoraret til forfattarane blir ikkje påverka av dette. Det vil seie at prinsippet om ei open ordning, utan tittelstak, blir forsvart av avtalepartane.

FRAMVOKSTER AV EIN NY NORSK SJANGER

Vinteren 1999 la Anton Fjeldstad fram rapporten *Norsk kulturråds innkjøpsordning for ny norsk faglitteratur for barn og ungdom 1996–1998 – ei evaluering*. Fjeldstad gjekk gjennom både retningslinene for ordninga og praktiseringa av desse, dei økonomiske rammene, sjangrane og emneval. Han konkluderte med at talet på norskproduserte fagbøker for denne målgruppa har auka etter at ordninga vart innført, og at kvaliteten på bøkene òg jamt over er svært god. Men avsetjinga til ordninga er for lita, ikkje ein gong det første året var ho stor nok til å dekkje dei 20 titlane som Kulturdepartementet tok sikte på skulle kjøpast inn årleg. Innanfor 1999-avsetjinga vart det rom for berre tolv nye bøker. Ordninga vart etter høyringar gjort permanent i 1999, med nokre endringar i retningslinene.

KULTURRÅDET + TEIKNESERIEN = TI ÅR

I ti år har Kulturrådet hatt ei eiga støtteordning for nye norske teikneseriar. Teikneseriane har tradisjonelt mange lesarar i alle aldersklassar her i landet, men kulturen er svært dominert av internasjonalt produsert materiale. Vi ser no fine resultat av satsinga på å få fram norskproduserte seriar: Ikkje sia før krigen har det vore så mange nye norske seriar i aviser og andre publikasjonar, og i dei masseutbreidde teikneserieblada har norske serieskaparar fast plass ved sida av dei utanlandske. Ein tendens ved sekelsskiftet er at erfarne serieskaparar kjem med større personlege verk, t.d. Karine Haaland og Steffen Kverneland. Søknadsmengda til Kulturrådet aukar stadig, og kvaliteten er jamt over langt betre enn dei første åra. På teikneserieområdet er det grunn til å seie at relativt små midlar har gitt store resultat.

AVSLUTTA, VIDAREFØRTE OG PÅBEGYNT PROSJEKT

1999 var eit meir aktivt prosjektår enn vanleg. I motsetnad til mange andre av Kulturrådet sine ansvarsområde er litteraturfeltet prega av mange faste stønadsordningar og mindre av "frie" midlar. I samband med ein generell ny konsentrasjon om litteraturformidling i heile bokbransjen har rådet vorte engasjert i fleire større litteraturprosjekt.

Ved årsskiftet vart "Litteraturformidlingsprosjekt Fredrikstad" avslutta etter tre år. Her har ny norsk prosa vorte formidla til bibliotekarar, bokhandlarar, lærarar og anna litteraturinteressert publikum over heile landet. Eit nytt og meir IT-basert prosjekt med same prosjektleiar, men med færre personleg frammøte, er vedteke for 2000–2002 som ei oppfølging.

Lyrikkampanjen "Dikt underveis" gjekk ut av sitt fjerde prosjektår sommaren 1999. Stryingsgruppa vurderte prosjektet som særskild vellukka, men med behov for noko fornying. I desem-



I dei masseutbreidde teikneserieblada har norske serieskaparar fast plass ved sida av dei utanlandske, mellom anna har serien **Nemi** av Lise Myhre hatt fast plass i Larsons Gale Verden.

ber vart ein antologi i lommeformat med alle dei 98 dikta frå første fase og fire tingingsverk frå yngre forfattarar lansert. Prosjektet har òg gitt positive ringverknader. I Møre og Romsdal har Forfattarlaget og Kunstnarsentret presentert "Dikt i farta" på ferjer og bussar, og i Trondheim skal dei ha starta opp med dikt på trikken.

Ein samla bokbransje sette i 1997 i gang prosjektet "Leselyst", seinare omdøpt til "Prosjekt !les" for å styrkje og fremme lesinga i heile folket. Prosjektet har i to år organisert ein eigen aksjonsmånad om hausten, "Aksjon tXt", som har vore særleg retta inn mot 10–13-åringar. Kulturrådet medverka til eit spesiallaga turnéopplegg med forfattarar i "tXt99".

Norsk barnebokinstitut har fått løyving til å starte opp eit formidlingsprosjekt for profesjonelle formidlarar av barne- og ungdomslitteratur, nemleg lærarar og studentar. Dette tre-årige forsøksprosjektet med Agder-fylka som base tek først til for fullt i 2000, og rådet er spent på kva for nye pedagogiske formidlingsmetodar som kan kome ut av ei slik spesialisering.

Ein av saksbehandlarane i Kulturrådet har lenge undra seg over kva alle grønkleddde unge menn gjer i fritida når dei er på moen. Ho fekk tak i Forsvarets Overkommando/Velferds- og vernepliktstenesta, og saman med Forsvaret og Statens bibliotektilsyn vart prosjektet "MIL-LITT – litteratur på moen" lansert før jul. No skal både menn og kvinner, både militære og lokale, få eit tilbod om lesing og skriving. Ungdomane skal sjølve vere med på å forme opplegget, og vidareutvikling av det sivil-militære samarbeidet står høgt i målsetjinga for prosjektet. Hovuddelen skal skje på Rena leir i Åmot kommune og tek til i 2000.

ÅRET I TAL 1999

Avsetjing:	kr 67 495 000
endeleg fordeling*:	kr 67 800 690
(1998:	kr 65 000 000)
(endeleg fordeling 1998:	kr 64 465 657)
Talet på søknader:	253
(1998:	259)
Samla søknadssum:	kr 13 230 517
(1998:	kr 12 436 725)

* Rekneskapen for innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur er ikkje medrekna her, derimot gjeld kr 407 450 omdisponeringar frå tidlegare løyvingar som ikkje er komne til utbetaling.

MIDLANE VART NYTTA SLIK:

Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur for vaksne	kr 31 972 000
Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur for barn og unge	kr 21 315 000
Innkjøpsordninga for omsett skjønnlitteratur	kr 4 000 000
Innkjøpsordninga for ny norsk faglitteratur for barn og unge	kr 3 400 000
Biletbøker for barn	kr 1 100 000
Teikneseriar	kr 810 000
Andre tiltak barnelitteratur	kr 900 000
Klassikarstøtte	kr 600 000
Nynorsk litteratur	kr 1 400 000
Omsetjarbonus	kr 450 000
Andre litteraturtiltak	kr 1 500 000
Til saman	kr 67 495 000

Sjå elles liste over løyvingar og innkjøp bak i årsmeldinga.

ÅRET I TAL – TIDSSKRIFT

Avsetjing 1999:	kr 2 380 000
(1998:	kr 2 300 000)
Talet på søknader:	70
(1998:	62)
*Samla søknadssum:	kr 1 075 000
(1998:	kr 3 998 750)

* For 52 av tidsskrifta er søknadssummen ikkje registrert i 1999.

Sjå elles liste over løyvingar bak i årsmeldinga.

BILETKUNST OG KUNSTHANDVERK

12

Norsk kulturråd har som målsetjing å stimulere til skapande verksemd innanfor biletkunst, kunsthandverk og kunstnarisk fotografi, medverke til at kunsten er tilgjengeleg for publikum og til å bevare bildande kunst. Området omfattar tiltak som skal fremje norsk bildande kunst, innkjøp til offentlege samlingar og i særskilde tilfelle offentleg utsmykking.

INNKJØPSORDNINGA FOR SAMTIDSKUNST

171 verk vart kjøpte inn i Norsk kulturråds innkjøpsordning for samtidskunst og kunsthandverk i 1999. I mai vart det halde utstilling i Oslo kunstforening som synte eit utval av innkjøpte verk for perioden 1997–1999. I samband med utstillinga vart det trykt opp ein katalog der nær alle verk vart fotografisk dokumenterte. Ein mellombels innkjøpsstopp vart sett i verk i april 1999 i samband med omlegginga av ordninga.

Innkjøpsordninga vart evaluert i 1998, og ei arbeidsgruppe vart sett ned med mandat til å leggje fram forslag til ny ordning og nytt regelverk. Gruppa skulle vidare greie ut dei økonomiske konsekvensane av endringar som vart føreslått. Forslaget frå arbeidsgruppa vart lagt fram for rådet og godkjent i juni 1999. Den nye innkjøpsordninga består av ein innkjøpskomité på ni medlemmer som bur i ulike delar av landet. Innkjøpskomiteen er delt inn i tre likestilte regionale underutval. Den økonomiske ramma for ordninga vart heva til 2 millionar kroner. Ordninga trer i kraft med ny innkjøpskomité frå januar 2000.

STØRRE KUNSTMØNSTRINGAR

Norsk kulturråd har gitt ny stønad til Momentum-biennalen for biennaleåret 2000. Ambisjonane og aktiviteten for

Momentum 2000 er vesentleg større enn for førre biennale. Fleire fagområde i Kulturrådet har vore inne med midlar til dei enkelte delar av arrangementet. Kulturrådet gav òg stønad til førebuing av Momentum 2000 i 1998. Den internasjonale smykke- og metall-workshopen Addenda II i Hamar fekk stønad til forprosjektering i -96, og hovudprosjektet mottok stønad i 1999. Utstillingane "Loose ends", Trondheim, "Open intimate – closed rooms", Bergen, "14 dager i juni", Kunstnarsenteret i Oppland og samtidskunstutstillinga "Utopia", Stavanger er andre større mønstringar som har motteke stønad i 1999.

FORMIDLING OG FRAMSYNING AV KUNST


Norsk kulturråd har i 1999 gitt stønad til 32 utstillingar og andre visingsretta prosjekt. Fleire av utstillingane er retta mot skoleverket, og fleire er også vandreutstillingar. Vidare er det gitt publisasjonsstønad til 21 katalogar, hovudsakleg i samband med utstillingar. Dette er ein forsiktig auke frå 1998.

ELEKTRONISK BASERT BILETKUNST

Rapporten *Skjønnheten og utstyret* vart lagd ut til høyring i juni 1999. I samband med høyringa kom det fram ei rekkje synspunkt på innhaldet i rapporten. Norsk kulturråd har sett ned ei arbeidsgruppe som i løpet av første halvdel av 2000 skal kome fram til korleis Norsk kulturråd skal satse innanfor området, og korleis midlane skal kanalisrast. Nettverksoppbygginga er et prioritert område, og førebels er Atelier Nord, Oslo, Bergen senter for elektronisk kunst og Lademoen kunstnerverksteder i Trondheim med i samarbeidet. Satsinga på utbygging av nettverkssamarbeidet i 1999 resulterte i stønad til utstyr og anna naudsynt materiell på ein million kroner frå biletkunstutvalet. Andre utval har òg gitt stønad til etablering. For 2000 er det avsett nye ein million kroner øyremerkt til formålet. I tillegg har Atelier Nord motteke stønad til investeringar i utstyrsparken. I alt er det frå fagområdet biletkunst gitt stønad på 1,62 millionar til etablering og investering i utstyr innanfor området elektronisk basert biletkunst. (Sjå også Kultur, medium og ny teknologi.)

DEBUTANT- OG UTSTYRSSTØTTE

Ordninga vart tilbakeført til Norsk kulturråd i 1999 etter å ha vore forvalta av Norske billedkunstnere, Norske kunsthåndverkere og Forbundet Frie Fotografer sidan 1992. I 1999 har det vorte delt ut 1 884 100 kroner gjennom dei to støtteordningane.



"Harvest", video av Anne-Lise Stenseth,
kjøpt inn av Norsk kulturråd og synt fram på utstillinga over innkjøpte verk i Oslo
Kunstforening i mai 1999. © Anne-Lise Stenseth/BONO 2000.

ÅRET I TAL 1999

Avsetjing:	kr	9 340 000
(1998:	kr	9 200 000)

Talet på søknader:	649
(1998:	291)

Samla søknadssum:	kr	41 089 723
(1998:	kr	31 463 150)

MIDLANE VART NYTTA SLIK:

Særskilt nemnde tiltak

Debutantstøtte til biletkunstnarar, kunsthandverkarar og fotografar, og utstyrsstøtte til biletkunstnarar, kunsthandverkarar og fotografar	kr	1 884 100
---	----	-----------

Avsetjingar

Til innkjøpsordninga for samtidskunst og kunsthandverk	kr	1 400 000
---	----	-----------

Til disposisjon

Utstillingar og visingsretta prosjekt	kr	2 277 000
Utstyr	kr	1 585 000
Publikasjonar	kr	795 000
Kjøp av kunst til samlingar	kr	100 000
Kunstnarisk utsmykking	kr	20 000
Diverse tiltak	kr	1 133 000
Sum	kr	9 194 100

Sjå elles liste over løyvingar bak i årsmeldinga.

MUSIKK

14

Norsk kulturråds hovudmål er å støtte den skapande delen av norsk musikkliv og å medverke til å verne og gjere den norske musikkarven tilgjengeleg. Vidare skal rådet stimulere til kvalitet og utvikling gjennom å gi stønad til prosjekt og enkelttiltak som er fagleg forankra og som er nyskapande på sitt område.

Kulturrådet finansierer årleg eit stort tal tingingsverk og er opptekne av at flest mogleg får høyre dei komponerte verka. For å sikre at samtidsmusikken blir brukt, har Kulturrådet gitt stønad til ensemble som har nye verk på repertoaret, og som ønskjer å utvikle sin kunstnariske profil og kvalitet.

MUSIKKENSEMBLE

I perioden 1997 til 1999 har Kulturrådet etablert ein prosjektstønad for musikkensemble som kan syne til verksemd på høgt kunstnarisk nivå – på same vis som ordninga for frie sceniske grupper. Erfaringa med søknadsrunden i 1998 synte at to millionar kroner var alt for lite, sjølv for ei prøveordning.

Rådet har i 1999 arbeidd for å utvide ensemblestønaden. For 1999 auka rådet musikkavsetjinga slik at ensemblestønaden vart dobla frå to til fire millionar kroner. Ensemblestønaden vart med denne påplussinga stor nok til å handtere stønaden til mellomstore ensemble som Oslo Sinfonietta. Dermed kunne Kulturrådet vidareføre stønaden til dette viktige og vellykka prosjektet. Potten på fire millionar kroner vart fordelt på 27 ensemble innanfor sjangrane klassisk/samtid, vokal og jazz.

FONOGRAMOMRÅDET

Målsetjinga for Kulturrådet si støtte til fonogramproduksjon og distribusjon har vore å skape ein heilskapleg antologi av det beste frå norsk musikkhistorie og norsk samtidsmusikk, spela av dei beste norske utøvarane og å gjere denne samlinga tilgjengeleg på fonogram for eit størst mogleg publikum.

Frå og med 1998/99 har denne satsinga vorte lagt inn under programmet "Klassikarstønad for fonogramområdet". Ordninga fungerer på same måte som Kulturrådets klassikarstønad for litteratur og skal gjere norsk kunstmusikk tilgjengeleg for ålmenta og for studiebruk. Programmet omfattar difor statleg stønad til utgivingar og lagerhald av fonogram med musikkverk innanfor den norske klassiske tradisjonen, også medrekna norsk samtidsmusikk. Stønaden blir gitt til verk som har varig verdi, eller som det av kulturhistoriske grunnar er viktig å dokumentere.

I 1999 er det gitt stønad til 15 innspjelingsprosjekt som inkluderer verk av Geirr Tveitt, Harald Sæverud, Halfdan Kjerulf, Arne Nordheim, Fartein Valen, Bjarne Brustad, Ludvig Irgens Jensen, David Monrad Johansen og Agathe Backer Grøndahl. Teatermusikk av Johan Halvorsen, orgelmusikk av Fridthjov Andersen og middelalderballadar vart òg støtta.

I tillegg er det gitt stønad til utgivingar av "historiske opptak" og prosjekt som dokumenterer norske utøvartradisjonar.

MUSIKKDRAMATIKK

Kulturrådet ser det som ei viktig oppgåve å initiere nye musikkdramatiske verk. Gjennom å løyve utviklingsmidlar i form av prosjektkontraktar på tre månader til komponistar, får dei høve til å skape nye verk i samarbeid med librettistar og eit scenisk miljø. Samstundes understrekar rådet behovet for å forankre prosjekta og stimulere til å gjere verka ferdige.

Blant løyvingane til tingingsverk finn vi to operasatsingar ved Opera Vest i Bergen. Jon Fosse har skrive libretto på grunnlag av sitt eige skodespel *Nokon kjem til å komme*, med musikk av Knut Vaage. Operaen blir skriven for tre songarar (tenor, mezzosopran og baryton) og seks musikkarar. Prosjektet er ein del av Attacca-00 satsinga og skal ha premiere hausten 2000.

Ein opera som skal ha premiere på Opera Vest i 2001, der Dagfinn Koch står for musikken, har òg fått støtte. Librettoen er skriven av Per Koch og byggjar på Fjodor Dostojevskis roman *Kjellermennesket*. Fem songarar, dansarar, kor og eit orkester på 20-26 musikkarar skal vere med i operaen som vil vare omlag to timar.



ATTACCA-00 - KULTURRÅDETS TUSENÅRSMARKERING

Norsk kulturråd vil markere tusenårskiftet ved å løfte fram nokre av satsingsområda i rådet. Attacca-00 inkluderer prosjekt innan musikkdramatikk, jazz og fleirkulturelle musikkuttrykk og satsinga "21 marsjer for det 21. århundre".

Markeringa har fått nemninga "Attacca" – eit musikkuttrykk som fortel at det ikkje skal vere noko opphald, til dømes mellom slutten av ein sonatesats, og den som følgjer. Kulturrådet tykkjer uttrykket er dekkjande for kor lite dvelande ein bør vere ved eit tusenårsskifte.

"21 marsjer for det 21. århundre" er ei satsing på komposisjonar og korps i Attacca-00. Dette er eit samarbeid som mellom anna involverer 21 komponistar frå inn- og utland og Forsvarets sju profesjonelle korps. Rådet har forventningar om nye og overraskande uttrykk. Satsinga er ei oppfølging av finansiering av tingsingsverk.

I kjølvatnet av satsinga på ny norsk musikkdramatikk skal heile tre norske uroppføringar bli løfta fram i år 2000: The Maid of Norway (Kjell Habbestad/Pål Helge Haugen), Nokon kjem til å komme (Knut Vaage/Jon Fosse) og Hjerterdame til Ringve (Bertil P. Johansen/Cecilie Løveid).

Samlinga av jazznoreg til eitt rike (Norsk Jazzforum), og etableringa av dei regionale jazz-sentra har gitt høve til utvikling av ein spennande sjanger. I regi av Østnorsk, Vestnorsk, Midtnorsk og Nordnorsk Jazzsenter blir fire nye produksjonar presentert med stor kunstnarisk spennvidde, både på festivalar og på turné.

Kulturrådets satsingsområde MOSAIKK skal synleggjere eit kunstnarisk og kulturelt mangfald, og etablere møtestader mellom ulike formar for kunst på tvers av tradisjonelle skilje-linjer. I denne samanhengen blir to konsertseriar arrangert i samarbeid med arrangørmiljøa innanfor fleirkulturelle musikkuttrykk.

ÅRET I TAL 1999

Avsetjing:	kr 11 070 00
(1998:	kr 8 800 000)

Talet på søknader:	447
(1998:	353)

Samla søknadssum:	kr 61 113 083
(1998:	kr 42 800 000)

MIDLANE VART NYTTA SLIK:

Klassikarstønad for fonogramområdet	kr 1 500 000
-------------------------------------	--------------

Stønad til musikkensemble på et høgt kunstnarisk nivå	kr 4 000 000
---	--------------

Posten Andre musikktiltak vart nytta slik:

Tingsingsverk	kr 1 611 458
Innspelinger	kr 1 583 500
Produksjonsstønad	kr 460 000
Andre musikktiltak	kr 1 950 300

Sjå elles liste over løyvingar bak i årsmeldinga.

SCENEKUNST

16

Kulturrådet arbeider med tiltak innanfor heile det ikkje-institusjonaliserte scenekunstheltet. Det er naudsynt å vurdere utfordringane den frie scenekunsten står overfor, i samanheng med situasjonen for norsk teater, dans og opera generelt. I 1998 vart ei ny stønadsordning for fri scenekunst innført, der enkeltproduksjonar etter prosjekt for ein tidsavgrensa periode på maksimalt fire år kan få prosjektstønad. For å styrkje effekten av ordninga er det naudsynt også å sjå på strukturar for scenekunstheltet som betre kan tene produksjon, formidling og distribusjon av framsyningar som har fått stønad. Norsk Scenekunstbruk, Ungdom og scenekunst, Gjestespelordninga og Nettverk for scenekunst er tiltak som er sette i gang for dette formålet.

FRI SCENEKUNST

Stønadsordninga for fri scenekunst ser no ut til å vere godt innarbeidd i miljøet. 27,51 millionar kr er tildelte 77 prosjekt: 31 danseprosjekt, 40 teaterprosjekt og seks musikkteaterprosjekt. 11 av prosjekta får fleirårig stønad over to eller tre år. Til barne- og ungdomsproduksjonar er det løyvd vel fire millionar kr, i tillegg til forsøksprosjekt på scenekunst for barn og unge.

Scenekunstkonsulenten har nytta mykje av tida si til å sjå framsyningar over heile landet og har vore i dialog med Norsk Ballettforbund, Senter for dansekunst og Danse- og Teatersentrum.

GJESTESPEL

Eit forsøksprosjekt med ei stønadsordning for gjestespel vart sett i gang i juni 1999 med ei avsetjing på to millionar kr frå avsetjing til andre formål. 53 søknader med ein søknadssum på kr 7 011 093 vart behandla, og 27 prosjekt fekk stønad. Formålet med ordninga er å bidra til auka utveksling av sce-

nekunst i Noreg og mellom Noreg og omverda, og omfattar både institusjonsteatra og den frie scenekunsten. Publikum har òg interesse i å få betre tilgang på scenekunst frå inn- og utland.

NETTVERK FOR SCENEKUNST

Scenekunstutvalet har arbeidd med kartlegging av spelestadene i landet, med bakgrunn i at det ofte er vanskeleg for gruppene å få formidla produksjonane som får stønad. Det er sett i gang eit prøveprosjekt med nettverksbygging mellom dei tre største byane, for å styrkje kompetanse på spelestadene og samle ressursar for ein allsidig og profesjonell presentasjon av den frie scenekunsten. Teater Avant Garden i Trondheim, Bergen Internasjonale Teater og Black Box Teater i Oslo er med i prosjektet, og dei vil i prøveperioden òg aktivere arrangørar i sin eigen region.

ARENAER FOR FRI SCENEKUNST


I eit notat til rådet har fagleg utval for scenekunst skissert ei statleg stønadsordning for spelestader for fri scenekunst. Frie prosjekt blir vurderte opp mot verksemda i regionteatera når det gjeld aktivitet, repertoar og økonomi, og det er avdekt grunnleggjande strukturelle skilnader. Med unntak av Black Box Teater, Oslo, og BFT, Bergen, får scenene for fri scenekunst berre regional stønad som er knytt til husleie, og er avhengige av eiga inntening som dei får frå leigeinntekter frå frie prosjekt. Dei har minimal bemanning og ressursar til aktivt profileringsarbeid, marknadsføring og stønad til gjestande prosjekt. Likevel har desse scenene opparbeidd eit virkefelt som omfattar barneteater, gjestespel, koproduksjon av framsyningar og senterfunksjonar i det lokale kunstliv. Dei skil seg frå resten av teaterverksemda ved å ha eit markant ungt kunstinteressert publikum og ei reell forankring i lokalmiljøet. Hovudproblemet for ei kontinuerleg, profesjonell verksemd er at eit grunnleggjande økonomisk fundament manglar.

SEMINAR OG KURSVERKSEMD

I samband med gjestespele som kjem frå utlandet, blir det arrangert seminar for norske scenekunstnarar. Desse får stønad over scenekunstavsetjinga saman med anna seminarverksemd til vidareutdanning og oppdatering av scenekunstnarar.

UTVIKLING AV NY NORSK KOREOGRAFI OG DRAMATIKK

Utvalet har starta evaluering av bruken av utviklings- og prosjektkontraktane for å undersøke omfanget av oppføringar.



Ingun Bjørnsgaard Prosjekt fekk støtte til å gjeste
Roma, Bergen og Kassel med framsyninga
"pli à pli" Danser: Sigrid Edvardsson,
Foto: Björn Eivind Årtun.

ÅRET I TAL 1999

Avsetjing scenekunst:	kr	3 350 000
(1998:	kr	3 300 000)

Talet på søknader:	241
(1998:	205)

Samla søknadssum:	kr	24 952 771
(1998:	kr	19 055 452)

MIDLANE VART NYTTA SLIK:

Ny norsk dramatikk	kr	1 257 800
Koreografi	kr	846 000
Andre tiltak scenekunst	kr	1 310 000
	kr	3 413 800 *

* Avsetjinga er tilført kr 62 600 i omdisponerte midlar.

Avsetjing til fri scenekunst:	kr	27 510 000
(1998:	kr	27 100 000)

Talet på søknader:	340
(1998:	323)

Samla søknadssum:	kr	139 692 260
(1998:	kr	148 343 543)

MIDLANE TIL FRI SCENEKUNST VART FORDELTE SLIK:

Danseproduksjonar	kr	9 380 000
Opera/musikkteater	kr	2 400 000
Teaterproduksjonar	kr	15 730 000

Til saman	kr	27 510 000
-----------	----	------------

Sjå elles liste over løyvingar bak i årsmeldinga.

KULTURVERN

18

Målsetjinga for kulturvernområdet er å verne den norske kulturarven og gjere han betre kjent og tilgjengeleg for flest mogleg. Både museumstiltak og oppgåver utanfor ansvarsområda for musea kan få stønad. I 1999 gjekk store delar av avsetjinga til formidlingstiltak som museumsutstillingar, film-/videoprojekt og fagbøker.

Kulturrådet har særleg lagt vekt på å støtte tiltak på område innanfor kulturvernarbeidet som synest å vere forsømde, eller der det er avdekt særskilde behov. Prosjekt relaterte til emna kystkultur, fotobevaring og det fleirkulturelle samfunnet og prosjekt med vekt på formidling til barn og unge er vortne prioriterte.

KYSTKULTUR

Kystkultur var eit særleg aktuelt tema i Kulturminneåret 1997. På kulturvernområdet er det lagt vekt på dette emnet også i 1999. Av fartøyvern-relaterte prosjekt som har fått stønad, vil vi trekke fram seminaret om fartøyvern i Norden og prosjektet "Kunnskap om fartøybygging i tre i Norge" ved Hardanger Fartøyvernssenter. Svein Roger Ivarsen fekk stønad til eit prosjekt som skal dokumentere og formidle kunnskapen om båtbyggjartradisjonane i Vestnes i Romsdal, medan Nord-Norsk Fartøyvernssenter og Båtmuseum i Gratangen fekk stønad til oppføring av vernebygg for si samling av båtar. Kulturrådet har dessutan fullfinansiert Norsk Sjøfartsmuseums arbeid med å vidareføre registreringa og tilrettelegginga av opplysningar knytte til prosjektet "Kystkultur i Norge".

FOTOBEBVARING

Hovudrapporten for Fotokonserveringsprosjektet vart ferdig i 1997 og indikerer at så mykje som ein tredjepart av den norske fotografiske kulturarven står i fare for å gå tapt for ettertida. Rapporten vil bli ei viktig rettesnor for rådet sine framtidige prioriteringar på området. Kulturrådet oppretta i 1998 ei arbeidsgruppe som har fungert som konsulentorgan i sam-

band med søknader. Vidare har utvalet drøfta behovet for konkrete tiltak i kjølvatnet av Fotokonserveringsprosjektet.

Av større foto-relaterte prosjekt vil vi nemne at Finnmark Museumsråd fekk stønad til det treårige prosjektet "Fra asken til Internett", der målsetjinga er å bevare og sikre historiske fotografi i Finnmark, og at Aalesunds Museum/Fylkesfotoarkivet fekk ein million kroner til å etablere fjellhallen Klipra i Ålesund som magasin og fjernarkiv for både fotografi og anna kulturhistorisk materiale frå heile regionen. Norsk Industrierbeidermuseum fekk stønad til å registrere Elkem ASAs foto- og arkivsamling, og Universitetsbiblioteket i Bergen fekk stønad til å gjere ferdig prosjektet for å bevare og gjere tilgjengeleg fotosamlinga etter Knud Knudsen.

FLEIRKULTURELLE TILTAK

Av tiltak knytte til det fleirkulturelle samfunnet fekk Glomdalsmuseet midlar til å vidareføre eit prosjekt for dokumentasjon og formidling av taterfolket sin kultur og historie. Målet er å etablere ei eiga avdeling ved museet som skal dokumentere og formidle taterane si kulturhistorie. Akershus Fylkesmuseum fekk stønad til utstillingsprosjektet "Reisen til Akershus". Prosjektet skal gjere kulturhistoria kjend i fylket både for nye innbyggjarar og dei som har budd der. Levanger kommune fekk stønad til å overta eigedommen Solheim, den kanskje best bevarte taterheimen i landet.

FORMIDLING TIL BARN OG UNGE

Kulturrådet har merka seg at det ligg store utfordringar i å formidle kulturarven til barn og unge, både i museumssektoren og andre institusjonar som forvaltar kulturhistorisk materiale. Av formidlingsprosjekt ved musea som er retta mot denne målgruppa, og som har fått stønad frå Kulturrådet i 1999, finn vi mellom anna formidlingsprosjektet "Materialkunnskap og håndverksforståelse for barn" ved Rørosmuseet, prosjektet "Handlingsboren kunnskap" ved Tingvoll Bygdemuseum og Volda Bygdetuns formidlingskonsept for skolen i samband med prosjektet "Eit levande museum". Vidare fekk Harding Puls stønad til "Utstilt atelier", eit kunstformidlingsprosjekt til skolane gjennom hovudutstillinga på Hardanger Folkemuseum.

EKSTRAORDINÆRE TILTAK VED MUSEA

Det store talet på søknader til ekstraordinære museumstiltak syner store udekte behov. Særleg gjeld dette formidlingstiltak, dokumentasjon og sikring av eigne samlingar. Blant dei 66 prosjekta som Kulturrådet støtta i 1999, finn vi eit prosjekt for etablering av arkivrom til sikring av arkiva ved Kistefos-museet og undersøking av bevaringsforholda ved musea i Hedmark i regi av Hedmarksmuseet. Musea i Solør-Odal fekk stønad til dokumentasjonsprosjektet "Nytteveg i Solør-Odal til hverdag og fest", og Norsk Landbruksmuseum fekk stønad til eit dokumentasjonsprosjekt om heimeslakting. Blant musea som har mottoke stønad til utstillingar, er Follo Museum – om indre

Frå Møbelutstillinga
"små STØRRELSER -
barns møbelkultur" på
Kunstindustrimuseet
i Oslo. Foto:
Kunstindustrimuseet i
Oslo

Oslofjord som økonomisk ressurs gjennom 1000 år, Kvinnemuseet i Kongsvinger – om kvinnekampen si historie, Kunstindustrimuseet i Oslo – om møbelkultur for barn, og Vefsn Museum – om forhistoria til kyrkjestaden Dolstad.

FAGLITTERATUR

Talet på søknader til trykking av kulturvern-relaterte fagbøker av nasjonal verdi har auka monaleg dei siste åra. I 1999 fekk i alt 19 slike bøker stønad, og blant desse finn vi *Norsk folketro* av Ørnulf Hodne, *Vinglass frå Hadeland* av Jens W. Berg, *Høysetetavler frå Østfold* av Lauritz Opstad og *Skarpt sett. Historien om den norske vittighetspressen* av Bredo Berntsen. Vidare fekk NIKU stønad til produksjon av *Prestegardenes kulturhistorie* av Jan Erik Horgen.

TEKNISKE OG INDUSTRIELLE KULTURMINNE

Norsk kulturråds engasjement på området tekniske og industrielle kulturminne skjer i nært samarbeid med Riksantikvaren. Å leggje til rette for museal verksemd og formidling ved dei åtte anlegga Riksantikvaren har valt ut, er eit av dei prioriterte områda i Kulturrådet. I 1999 gjekk totalt 1,25 millionar kroner til ulike tiltak ved dei utvalde anlegga.



ÅRET I TAL 1999

Avsetjing :	kr 12 790 000
(1998:)	kr 12 600 000)
Talet på søknader:	317
(1998:)	267)
Samla søknadssum:	kr 82 647 000
(1998:)	kr 71 675 000)

MIDLANE VART NYTTA SLIK:

*Tilsegn for 1999	kr 855 000
Ekstraordinære tiltak ved dei kulturhistoriske musea	kr 5 653 000
Andre kulturverntiltak	kr 7 137 000
Til saman	kr 12 790 000

* Av dette kr 500 000 til Andre kulturverntiltak og kr 355 000 til Ekstraordinære museumstiltak

POSTEN ANDRE KULTURVERNTILTAK VART NYTTA SLIK:

Tekniske og industrielle kulturminne	kr 1 800 000
Faglitteratur	kr 560 000
Film, foto og video	kr 1 467 500
Arkivtiltak	kr 765 000
Andre tiltak	kr 2 544 500

I tillegg til den disponible avsetjinga på kr 12 790 000 vart det i 1999 omdisponert i alt kr 715 000 frå ikkje utbetalte løyvingar.

Sjå elles liste over løyvingar bak i årsmeldinga.

ARKITEKTUR

20

Fagområdet har som mål å stimulere til nyskapande og eksperimentell arkitektur, å medverke til å auke medvitet om kva arkitekturen har å seie i samfunnet, og vere med på å skape ei forståing av arkitektur som estetisk fagdisiplin. Kulturrådet ønskjer å stimulere til nyskaping innanfor alle sine fagområde. Det inneber at nytenking innanfor arkitektur når det gjeld bustader og andre typar bygningar og byplan blir prioritert. I ordet eksperimentell ligg eit ønske om å prøve ut kjende grensar, våge å tenkje radikalt på vegner av arkitekturen og vere eit alternativ til masseproduksjon og effektivitet som går ut over kvalitet og innhald i den fysiske bygningsmassen. Kulturrådet vil stimulere til bruk av arkitektfagleg kompetanse og arkitektkonkurransar og gi stønad til prosjekt med ei medviten haldning til samfunn og miljø. Norsk kulturråd løyvde til saman 3,4 millionar kroner til arkitekturformål i 1999.

UTGREIINGAR OG NORSK ARKITEKTURPOLITIKK

To utgreiingar vart sette i gang på arkitekturfeltet 1999. Norsk kulturråd tok initiativ til ei utgreiing om alternative arkitektkonkurransereglar, som ein reknar med å ha ferdige våren 2000. Bakgrunnen for utgreiinga er behovet for nytenking rundt måtar å halde arkitektkonkurransar på i Noreg. Konkurransar bør ideelt sett vere ein reiskap for å engasjere ålmenta i arkitekturpolitiske og -estetiske spørsmål, samstundes som dei kan fungere som ein fagleg arena for nytenking omkring både store og små bygge- og planoppgåver. Samansetjinga av juryen har òg mykje å seie for kva tiltru folk har til konkurransane, og kva utfall dei får. Norsk kulturråd planlegg å nytte utgreiinga som mogleg modell ved tildeling av midlar til arkitektkonkurransar i framtida. Døme frå Finland eller Danmark blir brukte som bakgrunnsmateriale for utgreiinga.

Til saman 202 000 kroner vart løyvd til ei utgreiing om

eit nytt arkitekturmuseum. Ei gruppe på sju personar skal gå nærare inn på problemstillingar knytte til oppgåver, romprogram og alternative bygningsløyningar for eit utbygd arkitekturmuseum. Utgreiingsarbeidet vart særskildt aktuelt etter at det vart føreslått å flytte Norsk Arkitekturmuseum til Tullinløkka i Stortingsmelding 22 om arkiv, bibliotek og museum.

I 1999 kom det fleire arkitekturpolitiske utspel frå styresmaktene som vil få konsekvensar for fagfeltet. I samband med regjeringa sin femårige handlingsplan for arkitektur og design som blir lagd fram ved årsskiftet 1999–2000, vart Kulturrådet ved fagleg utval for arkitektur og kulturbygg bede om å kome med skriftlege innspel. I dialogen med Kulturdepartementet la fagutvalet vekt på å diskutere ulike sider ved målserjinga, og bruken av problematiske omgrep som 'god byggeskikk' og 'stedsforming' i handlingsplanen.

Den nye Plan- og bygningsloven er omdiskutert og kritisert frå mange hald, mellom anna fordi han verkar ekskluderande på yngre arkitektar, og på andre måtar reduserer loven arkitektmedverkaden i prosessen fram til det ferdige produktet.


STØTTE TIL PROSJEKT

Arkitekturavsetjinga er særskild lita. Norsk kulturråd ser det difor som si oppgåve å prioritere dei små og uavhengige prosjekta, som gjerne på idealistisk grunnlag freistar å skape alternativ til eller debatt om dagens ofte masseproduserte bygging. Avsetjinga har vore for lite kjend i dei fagmiljø Kulturrådet ønskjer å nå, men dette er no i endring. I 1999 gjekk stønaden i hovudsak til konkrete prosjekt, formidling og publikasjonar, tettstad- og byromsutvikling og kunstnarisk utsmykking av uterom.

Av enkeltprosjekt som har fått stønad, kan følgjande nemnast: *AS-BUILT* er ein planlagd arkitekturhefteserie om norsk samtidsarkitektur. Serien, som i første omgang kjem ut med fire nummer, skal gi systematisk og grundig dokumentasjon av nyare hus, med vekt på korleis det enkelte hus er teikna. Tanken er at serien seinare skal flettast saman med andre seriar, som til dømes *NOT-BUILT*, *TEXT*, *INTERVIEW* og *LANDSCAPE*.

"3 stader, 3 dialoger" er eit samarbeidsprosjekt mellom dei tre nordiske landa Island, Finland og Noreg. Arkitektoniske installasjonar skal byggjast i dei tre europeiske kulturhovudstadene Helsingfors, Bergen og Reykjavik sommaren 2000.

Prosjektet "100 000 boliger" av Transformator fekk stønad til fase to av utstillinga om bustader og byplan i Oslo. "100 000 boliger" går inn som del av Norske Arkitekters Landsforbunds arkitekturtriennale sommaren 2000. Prosjektet skal gå inn på moglege løyningar for folkeauken i Oslo og regionane rundt, gjennom ulike former for fortetting i eksisterande bystruktur. Studiet har som mål å syne korleis innovasjon i bygningstypar saman med ressursbruk på bystrukturnivå som vegsamband, kollektivnett og grøntstruktur er viktige føresetnader for konsentrert fortetting.



Transformator fekk stønad til fase II av prosjektet "100 000 boliger", som er del av NALs Arkitekturtriennale.

Illustrasjonen syner korleis utnytte kvalitetar. Fordele goder og oppgradere område er to sentrale byutviklingsstrategiar.

ÅRET I TAL 1999

Avsetjing:	kr	2 500 000
(1998:	kr	2 500 000)
Omdisponeringar innanfor avsetjinga:	kr	878 288
Samla sum:	kr	3 378 228
Talet på søknader:		74
(1998:		42)
Samla søknadssum:	kr	19 605 000
(1998:	kr	8 191 307)

MIDLANE VART NYTTA SLIK:

Forprosjekt	kr	95 000
Konferansar og seminar	kr	14 228
Kunstnarisk utsmykking av uterom	kr	600 000
Publikasjonar	kr	564 000
Romkunst	kr	60 000
Skole	kr	530 000
Tettstad- og byromsutvikling	kr	1 010 000
Utstillingar	kr	185 000
Utgreiingar	kr	220 000
Til saman	kr	3 378 228

Sjå elles liste over løyvingar bak i årsmeldinga.

KULTURBYGG

22

Innanfor kulturbyggavsetjinga ønskjer Kulturrådet å stimulere til nyskaping av arkitektur og innhald for kulturbygget. Kulturrådet har òg som ei hovudmålsetjing å medverke til realisering av bygg for produksjon og formidling av nyskapande profesjonell kunst og medverke til å heve den arkitektoniske og funksjonelle kvaliteten i visingslokale for kunst. Denne stønadsordninga omfattar lokale og regionale spesialiserte kulturbygg, som til dømes galleri, teater og konserthus, medan Kulturdepartementet forvaltar stønadsordningar for nasjonale kulturbygg og for lokale og regionale allmenne kulturbygg som til dømes møte- og forsamlingshus.

Norsk kulturråd prioriterer bygg som kjem behov innanfor dei andre ansvars- og satsingsområda i rådet i møte. Bygg som rommar produksjon og formidling av profesjonell kunstnarisk verksemd innanfor scenekunst, biletkunst og musikk, bygg som gir kunsten hus, blir prioriterte. Med denne målsetjinga blir bygg som gir rom for uavhengige produksjonar, nye uttrykk og nye medium, prioriterte. Kulturrådet legg generelt vekt på at nybygg, tilbygg og ombyggingsprosjekt får arkitektoniske kvalitetar som dekkjer dei behova prosjektet har. For å heve nivået på kulturbygg som arkitektur og sikre den naudsynte kompetansen i prosjekteringa vil Kulturrådet gi stønad til arkitektkonkurransar, forprosjektering og arkitekthonorar.

I mange høve er det ein stor motsetnad mellom eksisterande behov for bygg innanfor kulturlivet og dei disponible midlane Kulturrådet har. Norsk kulturråd kan likevel ha ei viktig rolle som finansieringskjelde ved at det gir eit kvalitetsstempel som kan løyse ut andre midlar.

Midlane frå kulturbyggavsetjinga gjekk i 1999 i hovudsak til galleri, museum, ulike teaterbygningar – eller rom for kunst.

MOMENTUM

Momentum er ein nordisk biennale for samtidskunst som blir arrangert i Moss mai–juli 2000. Biennalen mottok 800 000 kroner frå Norsk kulturråd til forprosjektering og ein arkitektkonkurranse for visingslokale i tilknytning til ein kunst- og arkitekturpark. Visjonen er at ein greier å skape ein park med skulpturelle paviljongar som kan nyttast heile året, også eventuelt til andre aktivitetar av meir kommersiell art som til dømes messeverksemd. Momentum planlegg òg mobile einingar som andre institusjonar kan leige.

ROM FOR KUNST I



Fleire ulike institusjonar mottok midlar til rehabilitering eller istandsetjing av gamle lokale til framsyning eller produksjon av kunst. Rogaland Kunstnersenter fekk midlar til ombygging og rehabilitering av Monumentalavdelinga ved Sykkelfabrikken i Sandnes, som dei skal ruste opp til ein fleksibel fleirbrukssal. Fredrikstad Museum fekk midlar til nytt utstillingsbygg for kunst- og kulturhistoriske samlingar i Tøihuset i Gamle Fredrikstad: 1800 m² skal mellom anna romme utstillingslokale for museet, eit galleri for kommunen si kunstsamling med årlege innkjøp av samtidskunst og lokale til Fredrikstads kunstforening og Østfold Kunstnersenter. Det er prosjektert ein fleirbrukssal med intimsene, og det er lagt opp til både innan- og utandørs scenekunstbruk.

I Bergen er det etablert kunstnarverkstader i C. Sundtsgate 55. Ein industribygning er rusta opp til kunstnarverkstad med felles IT-avdeling, prosjektrum og lydstudio for musikarar. Til saman er det planlagt 32 atelier eller studio, blant dei tre større opne prosjektrum. Kunstnarar på langtidskontraktar skal leige atelier. IT-verkstaden tek mål av seg til å bli eit regionalt tyngdepunkt for teknologibasert kunst. Samlokalisering med samtidsmusikkmiljøet gir høve til nye sjangerovergripande prosjekt.

Teater Avant Garden mottok stønad til utvikling av teaterhuset som knutepunkt for formidling av turnerande og prosjektbasert scenekunst. Stiftinga trans.form.oslo fekk tilsegn på 200 000 kroner for 2000 til eit forprosjekt som tek sikte på å gjere om Viken Energinetts nedlagde transformatorhall i Hausmannsgate i Oslo til eit kulturbygg.

ROM FOR KUNST II

8. september arrangerte Kulturrådet dagseminaret *Rom for kunst 2000* for å diskutere kva for behov kunstnarar har når det gjeld visingslokale. Seminaret fungerte som eit utgangspunkt for vidare diskusjon og etablering av ein handlingsplan for rom for kunst. 'Rom for kunst' tyder i denne samanhengen formidlings- og produksjonsstader for prosjektbasert kunst. Rundt hundre personar deltok på seminaret i Militærhospitalet, mellom dei kunstnarar, arkitektar, representantar frå kulturadministrasjonar og kunstnariske organisasjonar.



Utstillingsmodell av **Mossehallen** i samband med Momentum.
Skoleprosjekt av ei arkitekturstudentgruppe
ved Arkitektthøgskolen i Oslo

ÅRET I TAL 1999

Avsetjing:	kr	7 500 000
(1998:	kr	9 500 000)
Omdisponering if. kgl. res.:	kr	2 000 000
Omdisponeringar innanfor avsetjinga:	kr	2 350 000
Samla sum:	kr	11 850 000

Talet på søknader:	41
(1998:	44)

Samla søknadssum:	kr	58 140 000
(1998:	kr	45 149 043)

MIDLANE VART NYTTA SLIK:

Forprosjekt	kr	100 000
Galleri, kunstforeiningsbygg og verkstader	kr	1 670 000
Konserthus	kr	500 000
Kulturbygg	kr	3 505 000
Museum	kr	5 425 000
Teater	kr	650 000

Til saman	kr	11 850 000
-----------	----	------------

Sjå elles liste over løyvingar bak i årsmeldinga.

BARNE- OG UNGDOMSKULTUR

Området barne- og ungdomskultur dekkjer både kultur for barn og unge, og deira eigen kultur. Arbeidet i rådet omfattar både større forsøksprosjekt, særskilde tiltak der det er dokumentert spesielle behov, og stønad til prosjekt etter søknad utanfrå. I 1999 har arbeidet i rådet spesielt lagt vekt på ungdom og på dei aller minste under tre år.

KUNST FOR BARN UNDER TRE ÅR

Med eit mål om å gi dei aller minste barna større høve til å møte og oppleve profesjonell kunst har rådet sett i gang eit treårig prosjekt som fokuserer kunstformidling til barn frå null til tre år. Prosjektet "Klangfugl – kunst for dei minste" skal byggje på dei erfaringane som er gjorde i eit eittårig forprosjekt som vart avslutta våren 1999. Forprosjektet har gått føre seg på fem ulike stader i landet: Taranrød barnehage på Søndre Nordstrand, Bø kommunale musikkskole, Agder teater, Nils Aas' kunstverksted og Stenersenmuseet. Fem profesjonelle kunstnarar innanfor musikk, dans, biletkunst og teater har freista å gi barna meiningsfulle møte med kunst. Dei har erfart at små barn ser ut til å kunne konsentrere seg om og ha glede av kunst og kunstopplevingar. Det blir òg framheva at spørsmålet om kunstnarisk kvalitet er like viktig for små barn som for eldre barn og vaksne. I formidling til dei minste er både sjølve innhaldet i formidlinga og formidlingsforma viktig. Det er difor naudsynt med ein kombinasjon av kunstnarisk og barnefagleg kompetanse, med den kunstnariske som basis. Rapport frå forprosjektet blir gitt ut i Kulturrådets notatserie vinteren 2000.

MODERNE SCENEKUNST FOR BARN

Rådet har i 1999 gitt stønad til Black Box Teater slik at det kan vidareføre prosjektet "LilleBox" i eit tredje prosjektår. "LilleBox" starta opp i 1998 og har som mål å by fram moderne scenekunst til barn frå tre til tolv år. Ein ambisjon med prosjektet er å stimulere det profesjonelle scenekunstmiljøet til å produsere nyskapande framsyningar som både i

form og innhald reflekterer vår eiga tid. "LilleBox" ønskjer å presentere eit moderne scenekunstspråk som eit supplement til den gode norske barneteatertradisjonen. Dette er språk som er meir visuelt enn litterært, og som gjerne kombinerer kunstnariske uttrykksformer som dans, teater, musikk og biletkunst. Målet er at framsyningane skal gi kunstnariske opplevingar både for vaksne og barn. "LilleBox" har fått ein viktig plass i Black Box Teaters strategi og kunstnariske profil. Tilbakemeldingar frå skolar og barnehagar syner at det er bruk for eit alternativ til dei etablerte og meir tradisjonelle scenekunststilboda.

UNGDOM I FOKUS

I 1999 har ungdom stått sentralt i arbeidet i rådet, både når det gjeld formidling av kunst og det å sleppe ungdom til med eigne kunst- og kulturytringar.


Våren 1998 sette rådet i gang eit treårig prosjekt, "Ungdom og Scenekunst". To millionar kroner vart lyste ut til frie profesjonelle scenekunstnarar, til å produsere og offentleg vise framsyningar for ungdom. Dei tolv prosjekta som fekk stønad, representerte eit mangfald både i tematikk, formspråk, sjanger og måten å nærme seg ungdom på. I 1999 har nokre av framsyningane vorte knytte til "Norsk Scenekunstbruk" for vidare turnéverksemd i ti fylke. Parallelt har rådet løyvd pengar til ei koordinatorstilling som er lagd til Danse- og Teatersentrum. Stillinga er øyremerkt utvikling av formidlingsnettverk i forhold til ungdom i vidaregåande skolealder. Hausten 1999 løyvd rådet midlar til å vidareføre "Ungdom og Scenekunst". Ei avgrensa mengd scenekunstprosjekt skal få turné- og produksjonsstønad. Det blir lagt opp til at ein skal formidle allereie eksisterande framsyningar, med høve til å vidareutvikle desse.

I 1999 har rådet sett i gang eit treårig litteraturprosjekt i samarbeid med Forsvarets Overkommando/Velferds- og vernepliktstenesta og Statens bibliotektilsyn. Prosjektet "Millitt" skal utvikle ulike former for litteratur- og skrivetilbod til ungdom under 25 år i militæret og i lokalsamfunnet rundt leirane. Hovuddelen av prosjektet går føre seg på Rena i Åmot kommune, der prosjektet skal vere ein integrert del av eit større sivil-militært samarbeidsprosjekt. I tillegg skal mindre delprosjekt setjast i verk i Målselv, Rogaland og Hordaland. Norsk Forfattersentrum blir ein viktig samarbeidspartnar sentralt, men prosjekta skal først og fremst byggjast opp lokalt, som eit samarbeid mellom velferdskontoret i leira, folkebiblioteket, kulturkontoret og andre ressursar i lokalsamfunnet.

UTSMYKKING OG UTFORMING AV SKOLEANLEGG

Utforming av uteareala ved skolane har òg vore blinka ut for særskild satsing i 1999. Rådet har gitt stønad til "Levende skule", eit treårig landsomfattande samarbeidsprosjekt mellom Noregs landbrukshøgskole og Det norske hageselskap. Målet med prosjektet er å utvikle ny kunnskap og ulike døme på korleis skolar kan betre uteareala sine, med vekt på at uterommet skal stimulere fantasi, kreativitet og nyfikenheit. Prosjektet har òg fått stønad frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet,

Miljøverndepartementet, Landbruksdepartementet og Landbruksbanken. Rådet har dessutan gått inn i eit toårig prosjektsamarbeid med Norsk Form og Utsmykkingsfondet for offentlege bygg om utsmykking og utforming av skoleanlegg. Tre skolar er med i prosjektet: Henningsvær skole i Vågan, Otta skole i Sel og Grorud skole i Oslo. Prosjektet skal mellom anna gi erfaringar med samarbeid mellom kunstnarar, elevar og lærarar i ein utsmykkingsprosess der høg kunstnarisk kvalitet er ein premiss.



Bildet er frå eitt av dei fem prosjektstadene i prøveprosjektet "Klangfugl - kulturformidling med dei minste". Utstillinga "Berre rør" i Nils Aas Kunstverksted, Innerøya, Nord-Trøndelag. Treskulpturane er av Robert Øfsti.

ÅRET I TAL 1999

Avsetjing:	kr	7 650 000
(1998:	kr	7 650 000)

Talet på søknader:	122
(1998:	99 (+ 118*))

Samla søknadssum:	kr	14 982 168
(1998:	kr	41 125 752)

* 118 søknader til Ungdom og scenekunst kom i tillegg til ordinære søknader.

MIDLANE VART NYTTA SLIK:

Barne- og ungdomsblad	kr	325 000
Biletkunst	kr	949 500
Dans og teater	kr	1 508 000
Film og medium	kr	447 400
Litteratur	kr	595 000
Musikk	kr	298 000
Kulturvern og museumstiltak	kr	450 000
Arkitektur og omgivelser	kr	895 000
Større utviklingsprosjekt	kr	450 000
Andre prosjekt	kr	1 732 100
Til saman	kr	7 650 000

I tillegg til den disponible avsetjinga på kr 7 650 000 vart det i år omdisponert kr 1 929 000 frå tidlegare, ikkje utbetalte løyvingar. Desse midlane gjekk til tolv ulike barne- og ungdomskulturprosjekt.

Sjå elles liste over løyvingar bak i årsmeldinga.

KULTUR, MEDIUM OG NY TEKNOLOGI

26

Norsk kulturråd har hatt kultur og medium som satsingsområde sidan 1994. I 1998 skifta området namn til "Kultur, medium og ny teknologi", og hovudvekta ligg no fram til og med 2000 på eit treårig program for kunst og ny teknologi. Siktemålet for satsingsområdet er å

- stimulere til utvikling av nye kunstuttrykk ved hjelp av ny teknologi
- stimulere til auka formidling av kunst ved hjelp av ny teknologi
- arbeide for god kulturdekking i media
- arbeide for høgre kvalitet på det meir spesifikke kritikkstoffet i media

Fram til 1998 konsentrerte Kulturrådet seg om større, eigeninitierte tiltak på medieområdet. Ein innsats for å betre produksjonstilhøva for elektronisk basert biletkunst vart sett i gang i 1997. I samarbeid med Institutt for Journalistikk vart også Kritikerakademiet starta opp, med tredje og siste prøveåret i 1999. To prosjekt starta opp i 1998: eit treårig program med stønad til kunst og ny teknologi og ei større kunsttevlings på det digitale feltet – "Virtuell virkelighet og tradisjonelle kunstformer".

KRITIKERAKADEMIET

I 1996 gjekk Kulturrådet inn i eit treårig samarbeidsprosjekt med Institutt for Journalistikk om ei nyskaping som fekk namnet Kritikerakademiet. I 1999 vart tredje prosjektår gjennomført, med kurs i litteraturkritikk og biletkunstkritikk, og med kortkurs om arkitekturkritikk under planlegging. Norsk

byggforskningsinstitutt er evaluator, og i november 1998 kom ein delrapport med ei særskild positiv vurdering av prosjektet så langt. Sluttrapporten kjem i mars 2000. Kulturrådet har tilrådd overfor Kulturdepartementet at prosjektet kjem inn på Institutt for Journalistikks budsjettpost under departementet, men for budsjettåret 2000 var dette ikkje løyst.

ELEKTRONISK BASERT BILETKUNST

Fagutvalet for kultur, medium og ny teknologi har saman med fagutvalet for biletkunst og kunsthandverk gått aktivt inn i produksjonstilhøva for elektronisk basert biletkunst. Etter eit seminar i Trondheim hausten 1997 vart det utarbeidd ein rapport, *Skjønnheten og utstyret*, med framlegg om eit nettverk for samarbeid mellom ulike produksjonsstader. I budsjettsøknaden for 2000 vedtok rådet å be om midlar til eit pilotprosjekt med utbygging av eit produksjonsnettverk for elektronisk basert biletkunst. Det vart vidare vedteke å arrangere eit seminar der aktuelle aktørar på området skulle diskutere framlegga i rapporten. Synspunkta frå seminaret, som vart halde i juni 1999, blir med i utarbeidinga av ein endeleg prosjektmodell. (Sjå også Biletkunst og kunsthandverk.)

KUNST OG NY TEKNOLOGI

I statsbudsjettet for 1998 fekk Norsk kulturråd gjennomslag for eit forsøk med stønad til kunst og ny teknologi, med tre millionar kroner pr. år i tre år, 1998 til 2000. Stønad skal først og fremst stimulere til utvikling av nye kunstuttrykk ved hjelp av nye medium, men òg til kunstformidling gjennom nye medium. Det er to søknadsfristar i året. I 1999 kom det inn 80 søknader, og 35 prosjekt knytte til bruk av informasjonsteknologi innanfor biletkunst, musikk, arkitektur, scenekunst og litteratur fekk stønad. Prosjekta viste stort mangfald i korleis teknologien vart nytta. Rundt halvparten av prosjekta tok utgangspunkt i biletkunst, medan resten var spreidde over dei andre kunstområda.

"VIRTUELL VIRKELIGHET OG TRADISJONELLE KUNSTFORMER" – TEVLING

Våren 1998 lyste Norsk kulturråd ut ei tevling med sikte både på å oppmuntre til utprøving av ny teknologi i tradisjonelle samanhengar og å stimulere til nytenking der ein særleg la vekt på kunstnarleg utnytting av digital teknologi. Dessutan ønskte rådet å stimulere til samarbeid på tvers av faggrensene. Det kom inn 64 konkurranseutkast, og tre vinnarar vart kåra. Vinnarutkasta vart verkeleggjorde i full storleik og viste på ei utstilling i Kunsternes Hus i Oslo 24. april til 23. mai 1999.



Prosjektet **Megalomania** av Kenneth Korstad Langås og Per Jonas Lindstöm fekk andre plass i Kulturrådets konkurranse "**Virtuell virkelighet og tradisjonelle kunstformer**". Skilt rundt om i Oslo som presenterte nye byggeprosjekt, skapte reaksjonar. Til dømes forslaget om nytt galehus ved Akerkセルバ.

ÅRET I TAL 1999

Avsetjing*:	kr 3 000 000
(1998:)	kr 3 000 000)
Talet på søknader:	80
(1998:)	85)
Samla søknadssum:	kr 10 714 009
(1998:)	kr 15 151 368)

MIDLANE VART NYTTA SLIK:

Tiltak etter søknad:	kr 3 000 000
Til saman:	kr 3 000 000

*Avsetjinga gjeld det treårige prosjektet *Stønad til kunst og ny teknologi*. Til resten av aktiviteten på området *Kultur, medium og ny teknologi* er stønad gitt av kto 9900, Andre formål. Fire tiltak fekk slik stønad i 1999.

KULTUR GIR HELSE

28

Det treårige, nasjonale forsøksprosjektet "Kultur gir helse" vart avslutta i 1999. Det har vore eit nært fagleg og praktisk samarbeid med Sosial- og helsedepartementet (SHD) i kultur- og helsesatsinga, til dømes gjennom fellesfinansiering av prioriterte prosjekt, gjennomføring av felles konferansar og prosjektleiarsamlingar og felles evaluering av heile satsinga. SHD har i heile forsøksperioden hatt ein medlem i Kulturrådets prosjektutval for kultur og helse.

SATSING MED STORE UTFORDRINGAR

For Kulturrådet har "Kultur gir helse" representert ei satsing med interessante faglege og administrative utfordringar. Etter rådet si erfaring har også prosjektkommunane opplevd det som stimulerande og utfordrande å vere med på ei satsing som har sett koplinga mellom kunst og kultur, lokal samfunnsutvikling, livskvalitet og helse så sterkt på dagsordenen.

Sjølv om prosjektarbeidet er avslutta, inneber ikkje det at kultur- og helsesatsinga er forbi. Det er gledeleg for Kulturrådet å konstatere at prosjektkommunane på ulike måtar har lagt mykje arbeid i forankring og vidareføring av dei ulike perspektiv, enkelttiltak, arbeidsmetodar og verkemiddel som prosjektet har gitt som resultat. Rådet vonar dette vil gi grunnlag for framleis vekst i kommunane.

Dei fleste ikkje-lovpålagde, tverretatte satsingar med "mjuke" verkemiddel er sårbare, og difor krevst det ekstra innsats for å vedlikehalde og vidareføre erfaringar og resultat.

Kulturrådet er glad for det initiativet som SHD har teke når det gjeld vidareføringa av kultur- og helsesatsinga på nasjonalt plan.

Evalueringsrapporten frå NIBR/Norsk institutt for by- og regionforskning om Kulturrådets og SHDs samla kultur- og helsesatsing skal liggje føre sommaren 2000.


FORANKRING OG VIDAREFØRING

Hovudoppgåva i prosjektarbeidet i 1999 har vore forankring og vidareføring av verksemda både lokalt og nasjonalt. Det har vore tett oppfølging av prosjektkommunane gjennom møte med politisk og administrativ leiing i kvar enkelt kommune, deltaking på felles seminar og konferansar og månadlege informasjonsbrev frå Kulturrådet. I februar vart det halde regionale prosjektleiarsamlingar i Rygge, Tinn og Levanger. Fleire av prosjektkommunane har i 1999 halde lokale/regionale erfarings- og formidlingskonferansar, og ein del kommunar skal ha slike konferansar i løpet av første halvår 2000.

I februar 1999 vart det sett ned ei arbeidsgruppe for å sjå på spørsmål i tilknytning til vidareføring av kultur- og helsesatsinga på nasjonalt plan etter avslutta prosjektperiode. Arbeidsgruppa sin rapport *Fra prosjekt til hverdagsliv* vart i juni oversend til helseministeren og kulturministeren, som begge gav si tilslutning til tilrådingane i rapporten. Rapporten tilrår etablering av eit nasjonal knutepunkt for ein treårsperiode frå 2000, og at det blir sett ned ei sentral rådgivings- og kontaktgruppe for vidareføringa.

Levanger kommune har fått oppdraget som nasjonalt knutepunkt for ei treårig vidareføring av kultur- og helsesatsinga frå 2000. SHD står for hovudfinansiering av den nye funksjonen.

Oppgåvene for Levanger blir i første rekkje å vedlikehalde og vidareutvikle det nasjonale kultur- og helsenettverket som er etablert gjennom tre år i prosjektverksemda til Kulturrådet og SHD, vidareutvikle heimesidene på Internett, og å drive informasjons- og erfaringsformidling, rådgiving og initiering av lokalt utviklingsarbeid. Vidare skal kommunen ha kontakt og samarbeide med utdannings- og forskingsmiljø, delta i nordisk og internasjonalt nettverkssamarbeid på feltet, og samarbeide med den sentrale rådgivingsgruppa som skal setjast ned.



For Kulturrådet vil det vere av interesse å vurdere gode enkeltprosjekt med utspring i kultur- og helsesatsinga som fell innanfor ramma av den ordinære faglege verksemda i rådet, til dømes formidlingsprosjekt som inneber nye perspektiv.

NASJONAL ERFARINGS- OG FORMIDLINGSKONFERANSE

Kulturrådet og SHD i samarbeid med Kulturdepartementet og Rikskonsertane arrangerte 7.-8. desember ein nasjonal erfarings- og formidlingskonferanse om kultur- og helsesatsinga. Sjå under "Konferansar".

ANDRE TILTAK OG PROSJEKT

Leiaren for Kulturrådets prosjektutval for kultur og helse, Ragna Berget Jørgensen, har dei to siste åra òg vore leiar for den nordiske arbeidsgruppa på området, og Kulturrådet har koordinert arbeidet i gruppa i 1999. Den fjerde nordiske konferansen "Kultur gir helse" blir arrangert i Uleåborg i Finland i mai 2000, og leiarskapen for den nordiske arbeidsgruppa går over til Finland frå januar 2000.

FRIVILLIGPRISEN

Frivilligprisen vart oppretta i 1995 av Norsk kulturråd og FRISAM/Frivillighetens samarbeidsorgan. I 1999 gjekk prisen til May Eriksen frå Salangen i Troms. Sjå under "Prisar".

PROSJEKTKOMMUNANE

Følgjande kommunar og bydelar har teke del i "Kultur gir helse": Rygge, Eidsvoll, bydel Bygdøy-Frogner/Oslo, bydel Uranienborg-Majorstuen/Oslo, Ringsaker, Søndre Land, Drammen, Borre, Tinn, Arendal, Kristiansand, Eigersund, Askøy, Førde, Sunndal, Bjugn, Steinkjer, Levanger, FYSAK/Nordland fylkeskommune, Tromsø og Karasjok.

ÅRET I TAL 1999

Avsetjing: kr 4 300 000

I tillegg vart det gitt eit tilskot frå Sosial- og helse-departementet på kr 600 000 til prioriterte kommunar i Kulturrådets prosjekt "Kultur gir helse".
(1998: kr 5 000 000)

Talet på søknader: (*ikkje medrekna kommuneprosjekta i "Kultur gir helse"*) 6
(1998: 3)

Samla søknadssum: (*ikkje medrekna kommuneprosjekta i "Kultur gir helse"*) kr 967 500
(1998: kr 295 000)


MIDLANE VART NYTTA SLIK:

Prosjektkommunane i "Kultur gir helse": kr 4 742 550

NIBR /Norsk institutt for by- og regionforskning, evaluering av prosjektet i Uranienborg-Majorstuen: kr 60 000

Resterande avsetjing vart overført til Kulturrådets budsjett-post for prosjektleiing og administrasjon.

Sjå elles oversikt over løyvingar bak i årsmeldinga.



MOSAIKK - KUNST OG DET FLEIRKULTURELLE SAMFUNNET

30

MOSAIKK er eit treårig utviklingsprogram som skal synleggjere kunstnarisk og kulturelt mangfald og etablere møtestader mellom ulike former for kunst på tvers av tradisjonelle skiljelinjer. Programmet skal utvikle strategiar slik at kulturelt mangfald skal få aksept på nasjonalt plan. MOSAIKK-programmet har gitt tilskot til 38 prosjekt eller enkelttiltak i 1999. Nokre av desse er vidareføring av tiltak som vart etablerte i 1998. Av større prosjekt som vart starta opp i 1999, kan nemnast:

NYETABLERING AV SPELESTADEN COSMOPOLITE

Spelestaden Cosmopolite i Oslo har gjennom dei sju åra klubben har eksistert, utvikla seg til å bli ei svært viktig scene for verdsmusikk, og har samstundes formidla jazz, samtidsmusikk og norsk folkemusikk ut til eit nytt og stort publikum. Staden har no fått ei ny organisasjonsform som kan medverke til å styrkje mangfaldet i musikktilbodet ytterlegare og etablere Cosmopolite Scene som eit fleirbrukshus. Norsk kulturråd gav i 1999 etableringsstøtte til Nye Cosmopolite og stiftinga Cosmopolite Scene. Musikkklubben har flytta inn i nye lokale i Møllergata i Oslo, og vil her halde fram konsertverksemda, samstundes som staden kan tilby øvingslokale for musikarar. Stiftinga Cosmopolite Scene er i dag samansett av Cosmopolite Musikkforening, Oslo Tangoforening, konsertserien Cos-Kos og musikarnettverket Samspill. Desse organisasjonane representerer eit mangfald av musikksgangar og ulike kulturelle uttrykk som til saman kan gjere det nye Cosmopolite til ei viktig skandinavisk scene for presentasjon av verdsmusikk. I tillegg til øvingslokale for musikarar og konsertar blir det òg andre aktivitetar.

UTSTILLINGAR VED HENIE ONSTAD KUNSTSENTER

Det er òg gitt stønad til ein serie av utstillingar på Henie Onstad Kunstsenter. Utstillingane presenterer kunst som aktualiserer det multikulturelle aspektet i det internasjonale kunstlivet i dag. Gjennom utstillingane vil kunstsenteret

stimulere til auka merksemd og diskusjon rundt identitet og kulturelle skilnader innanfor visuell kunst. Utstillingsserien på Henie Onstad kunstsenter byggjer på ein ny definisjon av internasjonal samtidskunst. Her er omgrepet utvida til også å dekkje kunst utanfor vestleg identitet og tradisjon. Kunstnarane i prosjektet kjem frå Nigeria, Sør-Afrika, Iran, Australia, Cuba, Uruguay og Britisk Karibia. Dei tek alle opp spørsmål som er direkte knytte til det multikulturelle. I satsinga er det planlagt å vise ti utstillingar på Henie Onstad Kunstsenter i 1999 og 2000, og Kulturrådet gir stønad til fem av desse utstillingsprosjekta: Yinka Shonibare (nigeriansk-britisk), Shirin Neshat (iransk), Korda (kubansk), Keith Piper (britisk) og Faisal Abdu'Allah (britisk). Dei fleste av desse kunstnarane har ikkje hatt utstillingar i Noreg tidlegare.

ARTISTS IN MOTION; KUNSTNARSTYRT INFORMASJONS- OG RETTLEIINGSSENTER

Erfaring syner at behovet for informasjon om institusjonar og ordningar på kultursektoren er stort blant kunstnarar med minoritetsbakgrunn. Mosaikk-programmet har difor gitt stønad til prosjektet *Artists in motion*; eit initiativ for å arbeide med informasjon og rettleiing for desse kunstnarane. Bakgrunnen for initiativet var ei kartlegging av utanlandske kunstnarar i Noreg som vart gjennomført av Norges kunstnerråds utval for innvandrande kunstnarar i 1998. Kartlegginga avdekte eit stor behov for aktiv informasjon, ikkje minst med tanke på ulike stipend- og støtteordningar på kunstområdet.


SIGØYNARFESTIVALEN

Norsk Sigøynerforening fekk i 1999 stønad til etablering av Sigøynerfestivalen som vart gjennomført i Oslo i september. Musikarar frå Noreg, Sverige, Danmark, Polen og Russland deltok, og festivalen kan bli ein viktig arena for presentasjon av romanifolket sine tradisjonar og rike musikalske uttrykk også i Noreg.

UTVIKLING AV ETTERUTDANNINGSTILBOD VED NOREGS MUSIKKHØGSKOLE

Mosaikk-programmet gir stønad til arbeidet med å utvikle fleirkulturelle undervisningstilbod ved Noregs musikkhøgskole. Stønaden skal mellom anna medverke til å utvikle eit etterutdanningstilbod i fleirkulturelt musikkarbeid. Kulturrådet har tidlegare gitt stønad til ulike fleirkulturelle prosjekt og enkelttiltak i musikk- og kulturskolane, og erfaringane syner eit behov for ei fagleg utvikling av feltet. Utøvarar og pedagogar med minoritetsbakgrunn opplever ofte at utdanningsinstitusjonane er lukka for ikkje-vestlege uttrykk, og at høvet til fagleg utvikling og fordjuping er avgrensa. Ved å gi stønad til prosjektet ved Musikkhøgskolen ønskjer Mosaikk-programmet både å medverke til at pedagogutdanninga blir meir tilgjengeleg for musikarar og musikkpedagogar med ikkje-vestleg bakgrunn, og til ei utvikling av faginnhaldet for fleirkulturelt musikkarbeid.





OMSETJING OG UTGIVING AV LITTERATUR FRÅ MINORITETSGRUPPERS OPPHAVSLAND

For å synleggjere litteratur frå opphavslanda til minoritetsgrupper og å få eit større mangfald i den omsette litteraturen har Kulturrådet teke initiativ til ei ny stønadsordning for omsetjing av litteratur til norsk. Forlag kan søkje om stønad til omsetjing og utgiving av litteratur frå språkområde som arabisk, farsi, kurdisk, somali, tamil, urdu og vietnamesisk. Stønaden omfattar følgjande sjangrar: bøker for barn, romanar, noveller, essay og skodespel. Det er oppnemnt ei referansegruppe for prosjektet som set opp ei liste med forslag til titlar etter forslag frå representantar frå dei ulike språkområda. Lista skal fungere som ein idébank og eit utgangspunkt for innspel frå forlaga. Kulturrådet tek sikte på å kjøpe inn fem titlar årleg frå 2000.

Kunstnaren
Yinka Shonibare framfor
installasjonen **"Mr. and
Mrs Andrews without
their heads"** frå ei av ein
serie utstillingar på Henie
Onstad kunstsenter som
presenterer kunst som
aktualiserer det multikul-
turelle aspektet i det
internasjonale
kunstlivet i dag.
Foto: Rolf Chr.
Ulrichsen/SCANPIX

ÅRET I TAL 1999

Avsetjing:	kr	5 000 000
(1998:	kr	5 000 000)
Talet på søknader:		72
(1998:		71)
Samla søknadsbeløp	kr	17 377 428
(1998:	kr	15 450 418)
Løyvingar:		38
(1998:		36)

Sjå elles oversikt over løyvingar bak i årsmeldinga.

Frå "Skulevegen -
Så mange drømmer
langs den" av tekstil-
kunstnaren
Elisabet Haarr.
Landsskapskunst-
prosjekt i Årdal fekk
stønad frå avsetjinga til
andre formål.




Foto: Leif Hauge

ANDRE FORMÅL

Mange av søknadene som kjem inn til Norsk kulturråd, fell utanfor eller går på tvers av etablerte fag- og satsingsområde. Ofte tek Kulturrådet sjølv initiativ til forsøk og tiltak på område der rådet meiner det trengst. Desse tiltaka er ofte tverrfaglege og blir behandla parallelt i fleire fagutval. Det er difor sett av midlar på ein eigen disposisjonspost som gjer det mogleg å prøve ut tiltak og idear som fell utanfor fagutvala sine ansvarsområde.

Av dei større prosjekta som vart finansierte med midlar frå "Andre formål", er mellom andre samarbeidet med Statens nærings- og distriktsutviklingsfond om programmet "Kultur og Næring". Målet med programmet var å få fram prosjekt i grenselandet mellom kultur- og næringsliv med særleg søkjelys på reiselivet. Programmet er evaluert og avslutta i 1999. Prosjektet med kopiering av manuskriptmateriale frå Henrik Ibsens hand er avslutta i 1999. Løyvingar til utgreiingar og evalueringar i Kulturrådet blir dekte innanfor avsetjinga til andre formål, og i 1999 vart det mellom anna sett i gang nye utgreiingar knytte til folkemusikk- og folkedansfeltet, om strukturendringar i bokbransjen og evaluering av Kulturrådet sine satsingsområde Kunst og ny teknologi og Mosaikk. Det er òg løyvd midlar til publikasjonar som Kulturårboka -99 og tidsskriftet Kulturnytt. I samband med Noregs medverknad under EXPO 2000 er det løyvd midlar til produksjon av dokumentarfilm om Noreg ved tusenårsskiftet.

ÅRET I TAL 1999

Avsetjing:	kr 12 731 000
(1998:	kr 13 058 000)
Talet på søknader:	121
(1998:	162)
Samla søknadssum:	kr 14 692 457
(1998:	kr 23 404 489)
Løyvingar:	26
(1998:	43)

Oversikta ovanfor omfattar ikkje tiltak under Mosaikk-programmet (sjå eiga oversikt), eller tiltak som er behandla i andre fagutval og dekte over posten for andre formål.

MIDLANE ER NYTTA SLIK:

Større prosjekt og tiltak:

Forsøk med stønadsordning for gjestespel på scenekunstmrådet	kr 2 000 000
Kultur og næring, samarbeid med SND	kr 2 155 000
Kritikerakademiet, prøvedrift 3. år	kr 1 000 000
"Virtuell virkelighet og tradisjonelle kunstneriske uttrykksformer"	kr 30 000
Norsk kulturråds ærespris 1999	kr 250 000
Norsk kulturråds spesialpris til Laurdagsbarnetimen	kr 150 000
Norsk kulturråds årskonferanse og æresprisarrangement	kr 300 000
Til saman	kr 5 885 000

Vidare er det gitt tilskot til søkjarar innanfor følgjande område:

Utgreiingar, evalueringar o.a.	kr 1 508 500
Publikasjonar og CD-ROM	kr 980 000
Film/video	kr 332 000
Etableringar	kr 531 750
Utstillingar	kr 250 000
Ymse tiltak	kr 571 000

I tillegg kjem løyvingar til tiltak som blir rapporterte under andre fagområde (merkte i oversikta over løyvingar med *).

Sjå elles oversikt over løyvingar bak i årsmeldinga.

UTGREIING

Gjennom heile Norsk kulturråds historie har rådet teke initiativ til, og fått gjennomført, ulike typar utgreiingar. Men det var først hausten 1994 at dette arbeidet vart organisert i ei eiga eining. Utgreiingseininga vart i hovudsak oppretta for at ho skulle medverke til å skaffe kunnskap om virkefeltet kulturpolitikk, med særleg vekt på ansvarsområde Kulturrådet har. Utgreiingseininga har i 1999 vore samansett av ein saksbehandlar med utgreiingsoppgåver, ein utgreiingsleiar og tre eksterne rådgivarar knytte til eininga. I tillegg har to frilansforskarar hatt arbeidsplass i Kulturrådet. På same måte som for dei andre kunst- og kulturfaglege områda i Kulturrådet er det oppnemnt eit eige fagleg utval for utgreiingsverksemda. Utvalet er samansett av mellom andre representantar frå Kulturrådet, Statistisk sentralbyrå (SSB) og Noregs forskingsråd med Kulturdepartementet som observatør. Utvalet fungerer slik som eit kontaktorgan for kulturpolitisk forskning og utgreiing. Utgreiingseininga utfører noko utgreiings- og evalueringsarbeid sjølv, men i hovudsak blir eksterne forskarar og forskingsinstitusjonar engasjerte på prosjektbasis. Initiativ til nye prosjekt kan anten kome frå Kulturrådet og dei faglege utvala, frå utgreiingseininga sjølv eller utanfrå.

Utgreiingseininga har fire arbeidsfelt:

- *Utgreiing:* Setje i verk utgreiingsarbeid av høg fagleg kvalitet innanfor sentrale delar av norsk kulturliv.
- *Evaluering:* Sørgje for kontinuerleg evaluering av verksemda i Kulturrådet. Alle forsøk og satsingsområde i regi av Kulturrådet skal evaluerast. Alle faste støtteordningar og faste budsjettavsetjingar skal evaluerast med nokre års mellomrom.
- *Rådgiving for Kulturrådet:* Medverke til kunnskap og refleksjon om aktuelle kulturpolitiske problemstillingar for rådet og administrasjonen.
- *Formidling:* Resultata frå utgreiings- og evalueringsarbeidet skal formidlast til aktuelle fagmiljø og til ålmenta.

UTGREIINGAR

I 1999 er det sett i gang større utgreiingar som vil bli publiserte i løpet av 2000, som til dømes ei innanfor folkemusikk- og folkedansfeltet og ei om kva rolle kritikken har i dagspressa. Av utgreiingar i 1999 er følgjande rapportar publiserte: Tom Eldegard: *Kunstnere og trygd. Om konsekvenser av kunstneres arbeids- og lønnsvilkår for de pensjons- og trygdeytelser de oppnår*. Rapporten rettar søkjelyset mot lønns- og arbeidsvilkåra og trygde- og pensjonstilhøva for kunstnarar. Rapporten syner at det går eit klart skilje mellom skapande og utøvande kunstnarar, der skapande kunstnarar i hovudsak er sjølvstendig næringsdrivande, og utøvande kunstnarar er arbeidstakarar. Inntektene mellom kunstnargruppene varierer frå 100 000 kr i gjennomsnitt for biletkunstnarar og kunsthandverkarar til 268 000 kr i snitt blant omsetjarar.

EVALUERING

Alle fleirårige forsøk i regi av Kulturrådet skal gjennomgå ekstern evaluering, dvs. bli evaluerte av ein uavhengig utgreiar. Kulturrådet legg opp til at alle satsingsområda og støtteordningane skal evaluert jamleg. Utgreiingseininga kan utføre slike prosjekteksterne evalueringar dersom det ikkje er grunn til å reise tvil om at Kulturrådet og utgreiingseininga er uavhengige i forhold til prosjektet. Mindre evalueringar av eiga verksemd blir òg utførte av eininga. I hovudsak blir evalueringsarbeid tinga frå eksterne utgreiarar. Då tek utgreiingseininga seg av å utarbeide mandat og formidle kontakt med eigna utgreiar/utgreiingsinstitusjon, i tillegg til å vere med på å kvalitetssikre evalueringsrapporten.

I løpet av 1999 vart det sett i gang evalueringar av satsingsområda "Mosaikk" og "Kunst og ny teknologi". Utgreiingseininga har òg vore involvert i prosjekteksterne evalueringar, slik som evalueringa av Norsk kassettavgiftsfonds lanseringsstipend. Desse evalueringane vart trykte i 1999:

Anne-Britt Gran: *Ulike barn leker best. En evaluering av prosjektet "Teater for alle"*. Målsetjinga for "Teater for alle" er å skape eit teater der funksjonshemma og funksjonsfriske samarbeider om eit felles mål. Evalueringa tek opp i kva grad "Teater for alle" har oppnådd måla sine. Alt i alt vurderer Gran prosjektet som vellykka. Mellom anna er målsetjinga om å skape eit integrert teater oppfylt.

Svein Bjørkås: *Danse med ulver. En analyse av virksomheten ved Nye Carte Blanche Danseteater AS 1996–1999*. Etter råd frå utgreiingseininga engasjerte styret i Carte Blanche Bjørkås til å gjennomføre ein uavhengig analyse av verksemda i selskapet i perioden 1996–1999.

Halvor Fauske og Roel Puijk: *Ungdommens kulturmonstring og andre kulturtiltak for barn og unge – et kommuneperspektiv*. Notatet gir ei oversikt over kommunale kulturtiltak retta mot barn og ungdom generelt, og sider ved Ungdommens kulturmonstring (UKM) spesielt. Undersøkinga er første ledd i ein meir omfattande studie som Østlandsforskning gjennomfører om den kommunale kulturpolitikken overfor barn og ungdom.



Foto: Alf Børjesson

Ellen Johannesens framsyning
"Beeing of a lesser kind"
 fekk prosjektstøtte frå Kulturrådet.
 Prosjektstøtte som kulturpolitisk virkemiddel
 blir drøfta i rapporten frå
 Kulturrådets årskonferanse.

RÅDGIVING FOR KULTURRÅDET

Utgreiingseininga ønskjer å vere ein kunnskapsressurs for administrasjonen i Kulturrådet, for rådet sjølv og dei faglege utvala. Eininga skal stille kompetansen sin til rådvelde i utviklinga av konkrete prosjekt og ha generell utgreiingsfagleg og kulturpolitisk kunnskap.

I 1999 har utgreiingseininga ytt hjelp med kompetanse i samband med ei rekkje enkeltprosjekt i regi av Kulturrådet, mellom anna planlegginga og avviklinga av årskonferansen.

FORMIDLING

Utgreiingseininga har ansvar for dei to publikasjonsseriane i Kulturrådet: notatserien og rapportserien.

Jørgen Langdalen, Christian Lund og Per Mangset (red.): *Institusjon eller prosjekt – organisering av kunstnerisk virksomhet. Rapport fra Kulturrådets årskonferanse 1998*. Kulturrådets årskonferanse retta søkjelyset mot tilhøvet mellom institusjon og prosjekt på kunstfeltet, og denne rapporten gir att foredrag og debattane frå konferansen.

Jørgen Langdalen og Per Mangset (red.): *Kultursektor i endring. Rapport fra et forskningsseminar om kommunal kultursektor*. Bakgrunnen for notatet er eit dagsseminar som vart arrangert med utgangspunkt i forskingsrapporten *Kultursektor i forvitring. Økonomisk og organisatorisk utvikling i kommunal- og fylkeskommunal kultursektor på 1990-tallet* av Trine Monica Myrvold (NIBR).

Sjå fullstendig oversikt over publikasjonar bak i årsmeldinga.

I 1998 vart det med støtte frå Norsk kulturfond etablert eit særskilt "Forum for kulturpolitisk kunnskapsformidling" som er styrt av utgreiingseininga. Bakgrunnen for Forum er å styrkje kontakten mellom kulturforskarar og brukarar av kulturpolitisk forskning, medverke til å formidle kunnskap om kulturpolitiske spørsmål til kultursektoren i brei tyding, og å medverke til å formidle kva for problemstillingar og behov kultursektoren gjerne vil ha for forsking på, til relevante forskingsmiljø. Prosjektet har så langt vore relativt tett integrert i den daglege verksemda i utgreiingseininga. På nyåret 1999 vart det etablert ei eiga heimeside for kulturpolitisk kunnskapsformidling på Internett: <http://kulturforsk.kulturrad.no> Forum har vore aktivt inne som medarrangør av fleire seminar og konferansar i 1999, mellom anna dagsseminaret "Rom for kunst" og seminar om norske fonogram i dei smale sjangrane. Forum har òg halde seminar for kulturkomiteen i Stortinget, og medverka på eit to dagers FoU-seminar for dei vitenskapleg tilsette ved Høgskolen i Oslo.

DELEGERTE FORVALTNINGSOPPGÅVER

36

Frå framsyninga
"Blekkhusets natt" på
Black Box Teater, regissert av
Kjetil Skøien.
Framsyninga er ein del av
prosjektet Open Scene som
Det Norske teatret og Norsk
kulturråd står bak.



Foto: Marit Anna Evanger

Frå 1. januar 1995 fekk Norsk kulturråd ansvaret for å forvalte visse statstilskot til faste kulturformål under kapittel 320 Allmenne kulturformål, kapittel 322 Biletkunst, kunsthåndverk og design, kapittel 323 Musikkformål og kapittel 324 Teater- og operaformål.

Norsk kulturråd la fram tilråding om tildeling av statstilskot 2000 for Kulturdepartementet.

Tabellen syner kapittel, post, tilskotsmottakar og beløp for 1999:

KAP 320 ALLMENNE KULTURFORMÅL – POST 78 YMSE FASTE TILTAK

Ungdommens kulturmonstring	1 761 000
Norske Kirkeakademiers fellestråd	1 295 000
Nordland Akademi for Kunst og Kultur, Melbu	881 000
Center for Afrikansk Kulturformidling	518 000
Norges Døveforbund, kulturarbeid	575 000
Kulturtiltak på Svalbard	119 000

KAP 322 BILETKUNST, KUNSTHANDVERK OG DESIGN – POST 79 YMSE FASTE TILTAK

Atelier Nord	1 077 000
--------------	-----------

KAP 323 MUSIKKFORMÅL – POST 78 YMSE FASTE TILTAK

Norsk nettverk for musikk og teknologi	622 000
Norsk Folkemusikk- og Danselag	946 000
Norges Ungdomskor	264 000
Norsk Musikkskoleorkester	259 000

KAP 324 TEATER- OG OPERAFORMÅL –
POST 78 YMSE FASTE TILTAK

Danse- og teatersentrum	984 000
Norsk Barne- og Ungdomsteaterforum	311 000
Norsk Revyfaglig Senter	1 272 000

KAP 328 MUSEUMS-
OG ANDRE KULTURVERNFORMÅL –
POST 78 YMSE FASTE TILTAK

Kunstnett Norge	1 300 000
-----------------	-----------

SIGNALPROSJEKT VED DET
NORSKE TEATRET

Ein million kroner øymerkt til signalprosjekt ved Det Norske Teatret er utbetalt frå Kulturdepartementet. Norsk kulturråd har ansvar for rapportering frå prosjektet. Rapportar er sende inn kvart halvår, og det er utarbeidd ein eigen årsrapport.

ASPIRANTORDNINGA

Aspirantordninga for kunstnarar i etableringsfasen vart vedteken av Stortinget gjennom budsjettvedtaket for 1998. Formålet med ordninga er å skape tidsavgrensa aspirantstillingar som skal gi kunstnarar i etableringsfasen høve til å utvikle seg kunstnarisk og etablere seg i det yrket ho eller han har valt. Stillingane skal gi aspirantane høve til å betre sin eigen kompetanse og til å arbeide med kunstnariske oppgåver saman med andre ved verksemdene.

Talet på søknader for 1999 var 66.

Tilskotet til dei 18 stillingane som ordninga omfattar, vart fordelt til verksemdar innanfor områda musikk, biletkunst, scenekunst og film.

Følgjande verksemdar/aspirantar fekk tilskot i 1999:

MUSIKK

Stavanger Symfoniorkester	Rogaland	<i>komponist</i>
BIT 20 Ensemble	Hordaland	<i>musikar</i>
NoTAM	Oslo	<i>komponist</i>
Midt-Norsk Jazzsenter	Sør-Trøndelag	<i>musikar/komponist</i>
SISU	Oslo	<i>musikar</i>
Den Norske Opera	Oslo	<i>songar</i>

TEATER

Teater NOR	Nordland	<i>tekstilkunstnar</i>
Det Åpne Teater	Oslo	<i>dramaturg/sceneinstruktør</i>
Østfold Teaterverksted	Østfold	<i>figurteaterskodespelar</i>
Sogn og Fjordane Teater	Sogn/Fjordane	<i>skodespelar</i>
Oslo Danse Ensemble	Oslo	<i>dansar</i>
Nye Carte Blanche	Hordaland	<i>2 dansarar</i>
Hollow Creature	Oslo	<i>figurteaterskodespelar</i>

BILETKUNST

Lademoen Kunstnerverksted	Sør-Tøndelag	<i>biletkunstnar</i>
Kunstbanken-kunstsenter/ Turnéorg. Hedm.	Hedmark	<i>kunsthandverkar</i>
Norsk Billedhoggerforening	Oslo	<i>biletkunstnar</i>
Bergen Internasjonale Teater	Hordaland	<i>biletkunstnar</i>
Atelier Nord	Oslo	<i>biletkunstnar</i>

UTSTILLINGSSTIPEDET

Statens utstillingsstipend for biletkunstnarar, kunsthandverkarar og frie fotografar vart også i 1999 administrert av Norsk kulturråd etter delegert myndigheit frå Kulturdepartementet. Etter retningslinene for ordninga oppnemner Kulturrådet den sentrale tildelingskomiteen. Administrasjonen har ansvar for sekretariatsoppgåver for innstillingskomiteen når det gjeld søknader knytte til utstillingar i Oslo, samordning av arbeidet i dei regionale innstillingskomiteane, den sentrale tildelingskomiteen, retur av biletmateriale, og utbetaling av stipenda.

Statens utstillingsstipend var i 1999 på 4,1 millionar kroner. 10 % av dette var avsette til administrasjon. Det kom inn 238 søknader, og 115 kunstnarar fekk stipend under ordninga.

FRÅSEGNER

38

Ei viktig oppgåve for Norsk kulturråd er å vere rådgjevar for staten i kulturspørsmål. Både Kulturdepartementet og andre departement og instansar kan be om å få Kulturrådet si meining om aktuell saker. Rådet uttalar seg også på eige initiativ. I 1999 har rådet uttalt seg om desse sakene:

STATOILSTASJONEN VED BREMUSEET I FJÆRLAND

På sitt møte 28. januar 1999 vedtok rådet følgjande fråsegn: "Norsk kulturråd viser til sitt mangeårige engasjement innen området arkitektur og omgivelser, som har fokusert på sted-utvikling og heving av estetiske kvaliteter i offentlige rom. Rådet ser det som uheldig dersom utbygging i området omkring Norsk Bremuseum kommer i konflikt med det unike samspillet mellom Sverre Fehns bygning og landskapet i Fjærland. Rådet vil derfor oppfordre de berørte parter i saken til å bidra til at størrelse, lokalisering og utforming av nye bygninger tilpasser seg bremuseets arkitektur og plassering i landskapet."

SIVILARBEIDARAR I KULTURSEKTOREN

Kulturrådet vedtok i møte 17. mars følgjande fråsegn: "Norsk kulturråd ser med bekymring på innskjerpingen av kravene til tjenestested for sivile vernepliktige, en innskjerping som har ført til at sivilarbeidsplasser i kultursektoren nå strykes fra listene. Kulturrådet mener at nettopp kulturlivet kan tilby sivilarbeiderne egnede arenaer for fredsrelevant arbeid, samtidig som kulturlivet selv blir rikere og mer mangfoldig gjennom sivilarbeidernes innsats. Konsekvensen av stortingsvedtaket innebærer at tjenestesteder for sivile vernepliktige i kulturlivet blir inndratt. Norsk kulturråd vil følgelig sterkt oppfordre Stortinget å revurdere vedtaket."

VILLA STENERSEN

Regjeringa foreslo i 1999 å selje Villa Stenersen. I samband med det vedtok Kulturrådet følgjande fråsegn 26. august 1999:

"Norsk kulturråd mener det er viktig å sikre at Villa Stenersen bevares for fremtiden, og at den er best egnet som bolig. Samtidig ønsker rådet å peke på den store mangelen på æresboliger for kunstnere og kulturpersonligheter i Norge. Rådet foreslår derfor at Villa Stenersen blir gjort om til æresbolig for kunstnere og kulturpersonligheter."

OVERFØRING AV NYE OPPGÅVER TIL NORSK KULTURRÅD

I rådsmøtet 16. september vedtok rådet dette:

"I forbindelse med overføring av sekretariatsfunksjoner fra enkelte andre institusjoner til Norsk kulturråd, og delegering av oppgaver fra Kulturdepartementet til Norsk kulturråd, vil rådet fremheve den helt sentrale betydning som behandlingen av saker knyttet til Norsk kulturfond har for rådets funksjon og rolle. Rådet ser arbeidet med fondssakene som sin primære oppgave, og vil gi dette prioritet.

Rådet vil ikke motsette seg en omlegging av kulturforvaltningen som foreslått av departementet, og ser interessante muligheter, bl. a. ved at saksområder kan ses i sammenheng og at kvalitet ved forvaltningen av saksområder kan ytterligere utvikles, særlig ut fra hensynet til søkere og andre Norsk kulturråd skal bistå. Rådet mener imidlertid at de foreslåtte ressursene ikke er tilstrekkelige til å realisere intensjonene for år 2000.

Rådet vil derfor understreke nødvendigheten av å komme tilbake til en ny vurdering av ressurs-situasjonen så vel som den kulturpolitiske forpliktelsen i løpet av 2000. Rådet pålegger direktøren å rapportere til rådet innen sommeren 2000 om de erfaringer man har gjort med administrasjonen av de nye oppgavene, med vekt på ressursene til saksbehandling og infrastruktur (regnskap, arkiv, generelle kontortjenester mv.).

Rådet tar forbehold om at rådet på grunnlag av disse erfaringene vil ta opp forhandlinger med departementet om ressurs-situasjonen, eventuelt fordelingen av oppgaver mellom rådet og andre institusjoner.

Rådet ønsker generelt å bidra til en debatt om oppgave- og ansvarsfordeling på kulturområdet, og peker på at bl.a. rådets årskonferanse kan gi anledning til dette.

Hva angår en videre utvikling av rådets oppgaver og funksjoner ønsker rådet å knytte rapporten om erfaringene med omlegningen til en vurdering av egen videre organisering av arbeidet og strategier for organisasjonsutvikling.

Med disse merknader stiller rådet seg rede til å medvirke til realiseringen av de planene som departementet har fremlagt."

BERGEN BYFORMSENTER

I forbindelse med Norsk kulturråds evaluering av det treårige forsøksprosjektet Bergen Byformsenter, ønsket Kulturdepartementet ei fråsegn frå Norsk kulturråd vedrørende søknad om permanent driftsstønad. Rådet vedtok 16. september følgjande:

"Rådet slutter seg til uttalelsen fra Faglig utvalg for arkitektur og kulturbygg. Rådet vil ikke anbefale en videreføring av Bergen Byformsenter i sin nåværende form. Bergen Byformsenter er først og fremst av lokal og regional interesse, og en videreføring bør hovedsakelig være et lokalt/regionalt ansvar."

NY INSTITUSJON FOR UTSMYKNING, BYGGJEKUNST OG FORMGIVING

17. november vedtok Norsk kulturråd ei fråsegn i samband med St.prp. nr.1 1999-00, der Kulturdepartementet tar sikte på å setje i gang ein prosess med å danne ein ny institusjon for utsmykning, byggjekunst og formgiving frå 1. januar 2002. Rådet vedtok følgjande:

"Norsk kulturråd mener den foreslåtte sammenslåingen av Utsmykningsfondet, Norsk Form, RAM Galleri, Institutt for romkunst og Galleri Rom bør utredes. Norsk kulturråd går ut fra at oppgavefordelingen mellom de berørte institusjoner ikke endres før utredningen foreligger."

KONFERANSAR

ÅRSKONFERANSEN 1999

Norsk kulturråds årskonferanse 1999 hadde nemninga *Grenseløs utkant? Norsk kulturliv mellom sentrum og periferi*. Spørsmålet første dag var "Utkant uten grenser?" Spenningar og utfordringar i organisering og formidling av norsk kulturliv vart diskutert ut frå eit sentrum- og periferiperspektiv. Nye turnénettverk, festivalar og tverrkommunale kunstprosjekt vart trekt fram som døme på at norsk kulturliv ikkje er det same som Oslos kulturliv. Følgjande spørsmål vart mellom andre diskutert: Kva erfaringar er hausta gjennom desse nye måtane å organisere kunstformidling på? Inneber dei ei overskriding av det tradisjonelle skiljet mellom sentrum og periferi i kulturlivet? Kva kulturpolitiske utfordringar ligg i spenningsfeltet mellom nye og etablerte modellar?

Andre dag vart spørsmålet "Utkant i utakt?" stilt om Noregs tilhøve til omverda. Det kom fram kritiske vurderingar av korleis norsk kultursamarbeid med utlandet fungerer i dag, både sett ut frå eit forskingsperspektiv og ut frå ståstaden til aktive kunstnarar. Mellom anna vart det spurt om norsk kulturpolitikk heng etter kunstlivet i sitt mellomvære med omverda. Er ordningane i dag eigna til å støtte opp om kunstnarisk verksemd som ikkje definerer seg i høve til det nasjonale? Konferansen vart arrangert i den Gamle Logen i Oslo 10.–11. november 1999 og samla om lag 350 deltakarar.

MULTIMEDIUMKONFERANSEN KOMM,

4.–5. MARS 1999

Kulturrådet var som ein del av satsinga på kunst og ny teknologi, medarrangør av multimediumkonferansen KOMM, 4.–5. mars 1999 i Oslo. Multimediaforum Norge og Midasnet Norge var hovudarrangørar. Målgruppa for konferansen var innhaldsleverandørar og multimediumprodusentar.

"I INNKJØPSSKJEEN"

Norsk kulturråd arrangerte 23. mars 1999 i samarbeid med Rogaland Kunstmuseum seminaret *I innkjøpsskjeen*, der

evalueringa av Norsk kulturråds innkjøpsordning for samtidskunst vart lagd fram for høyring. Rapporten var utarbeidd av Jorid Vaagland frå Østlandsforskning. Seminaret samla 38 deltakarar.

FORMIDLING AV SMALE FONOGRAM

